



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 20

(2001-2002)

Om Noregs deltaking i den 56. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte
nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar
av FNs 55. generalforsamling

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 12. april 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Samandrag

1.1 Hovudtrekk og aktørar - ei samla vurdering

Terroriståtakinget på USA 11. september prega gjennomføringa av den 56. generalforsamlinga sterkt. Opninga vart utsett ein dag, og det var tidleg klart at ein generaldebatt til vanleg og fastsett tid ikkje kunne gjennomførast av praktiske og tryggingmessige grunnar. Dette medførte at andre ting i møteprogrammet òg vart utsette, ikkje minst i arbeidet til komiteane, noko som gjorde sitt til at ein del av arbeidet under Generalforsamlinga miste fokus og framdrift. Kampen mot internasjonal terrorisme vart det mest omtala temaet og den viktigaste saka under Generalforsamlinga. Utanriksminister Jan Petersen sa under hovudinnlegget i generaldebatten 11. november at terroriståtakinget ikkje berre var retta mot uskuldige menneske, men òg mot dei verdiane FN byggjer på. Han la vekt på den internasjonale solidariteten i kampen mot terrorisme og at terrorisme må nedkjempast med alle tilgjengelege middel, m.a. politiske, diplomatiske, rettslege, finansielle og militære. Han forsikra vidare at Noreg vil delta i denne kampen. Han understreka at dei militære aksjonane ikkje var retta mot eit land og folket i Afghanistan, men mot eit regime og ein terroristorganisasjon som misbrukar religion for å fremje sine egne vondsinna målsetjingar. Utanriksministeren meinte at Afghanistan måtte atterreisast, og at FN må få ei leiande rolle i dette arbeidet. Han peikte på at FN er verdssamfunnet sin beste reiskap for å løyse konflikhtar, og meinte at kampen mot internasjonal terrorisme ikkje må få skuve til side andre globale utfordringar eller endre dei ambisiøse målsetjingane frå tusenårsforsamlinga året før. Dei politiske leiarane i verda må vise fastleik og samhald både i kampen mot internasjonal terrorisme, fattigdom og smittsame sjukdomar og i kampen for menneskerettar og grunnverdiane som rettsstaten byggjer på.

Generalforsamlinga vedtok på opninga 12. september ein resolusjon mot internasjonal terrorisme. Vedtakingen støtta opp om tryggingrådsresolusjonen som vart vedteken same dag (1386), som fastslår retten til sjølvforsvar. Det vart vidare raskt semje om å la handsaminga av dagsordenspunktet om «Tiltak for å eliminere internasjonal terrorisme» gå direkte i plenum. Plenumsdebatten strekte seg over heile veka frå 1. til 5. oktober. I alt 167 medlemsland heldt innlegg. Ein så lang debatt om eitt dagsordenspunkt har ein aldri hatt i Generalforsamlinga si historie. Debatten var prega av svært stor grad av semje. Alle land, med unntak av Irak, kom med ei klar og sterk fordømming av terroriståtakinget på USA. Hovudbodskapen frå Generalforsamlinga var at internasjonal terrorisme mest effektivt kan nedkjempast gjennom internasjonalt samarbeid. Tryggingrådet vart av dei aller fleste talarane rosa for å ha teke raske og resolute avgjerder. Resolusjon 1373 (vedteken 28. september) vart gjennomgåande omtala svært positivt, og det vart uttrykt støtte til dei bindande tiltaka som dei einskilde medlemslanda har vorte pålagde i kampen mot internasjonal terrorisme.

Men debatten om terrorisme viste òg at det er klare motsetningar mellom ei lita gruppe islamske land og fleirtalet i forsamlinga i synet på dei grunnleggjande føresetnadene for ei heilskapleg juridisk ramme mot internasjonal ter-

rorisme. Desse motsetningane vart av naturlege grunnar noko nedtona i ein generalforsamlingsdebatt med eit slikt dramatisk bakteppe som hendingane 11. september. I den vidare oppfølginga i 6. komité si arbeidsgruppe for FN's allmenne konvensjon mot terrorisme kom likevel gamle motsetningar klart fram i dagen. Drøftingane køyrde seg som tidlegare fast på sentrale punkt, til dømes definisjonen av terrorisme og avgrensinga av verkeområdet til konvensjonen. I desse drøftingane stod den islamske gruppa fast på at konvensjonen må gjere unntak for legitim fridomskamp mot framand okkupasjon. Som bakteppe for desse haldningane ligg Midtausten-konflikten og dessutan spørsmålet om «statsterrorisme», eit omgrep som i denne samanhengen er mynta særleg på Israel. Drøftingane i arbeidsgruppa illustrerte enno ein gong at det kan vere monaleg avstand mellom utsegner i plenumsdebattar og det praktiske arbeidet i komitear og arbeidsgrupper.

Den 56. generalforsamlinga var i ein viss mon prega av denne dualismen. Dei store orda i generaldebatten stod i motsetning til måtehald i det praktiske arbeidet. Gjennomgåande var denne tendensen sterkare dette året enn på lenge. Samtidig var det ein meir lågmælt tone i diskusjonane, og land og grupper vakta seg for å setje motsetningar på spissen. Dette inntrykket vart forsterka gjennom at ein i røynda hadde tre fulle terrorismedebattar i FN i løpet av hausten: sjølv terrorismedebatten i byrjinga av oktober, generaldebatten 10.-16. november og debatten om dagsordenspunktet «Oppfølging av Tusenårserklæringa» rett etter sjølv generaldebatten, der òg kampen mot internasjonal terrorisme fekk ein sentral plass. Elles vart det knapt halde eit innlegg i plenum eller i komiteane der 11. september ikkje vart nemnd. Samtidig var det klart for alle at denne hausten var det arbeidet i Tryggingrådet som gav konkrete og handfaste tiltak mot internasjonal terrorisme. Det langsiktige arbeidet i 6. komité og i arbeidsgruppa for ein heilskapleg konvensjon mot internasjonal terrorisme gav ikkje dei resultatane ein ønskte.

Dei underliggjande årsakene til terrorisme fekk liten plass i dei samla diskusjonane og rådslåingane i FN-systemet i løpet av hausten. Dette hadde m.a. samanheng med at situasjonen kravde at FN og Tryggingrådet raskt sette i verk tiltak mot dei ansvarlege. Dette var òg ei klar forventning frå amerikansk side. USA la frå første stund stor vekt på at FN måtte ha ein sentral plass i koalisjonsbygginga retta mot terrorisme. Fleire kom likevel indirekte inn på behovet for å gjere noko med tilhøve som kan gje grobotn for terrorisme.

President Bush la i innlegget sitt i generaldebatten monaleg vekt på samarbeidet i FN og understreka at kampen for fred og velstand i alle land må halde fram, m.a. gjennom støtte til utvikling og auka handel, utdanning og nedkjemping av AIDS og andre sjukdomar. Med omsyn til konflikten i Midtausten gav han m.a. uttrykk for at USA ser fram til den dagen då to statar, Israel og Palestina, lever fredeleg saman innanfor godkjende og sikre grenser, i tråd med Tryggingrådet sine resolusjonar. Han lova vidare at USA ville delta i atterreisninga av Afghanistan i samarbeid med FN og utviklingsbankane.

Generalsekretær Kofi Annan la i innlegget sitt i generaldebatten vekt på at det rettmessige fokuset på terrornedkjemping ikkje må føre til at ein nedprioriterer andre hovudutfordringar for det internasjonale samfunnet, til dømes kampen mot fattigdom, verning av miljøet, kampen mot sjukdomar, førebygging av væpna konfliktar og forsvar av menneskerettane.

Den sentrale rolla FN og Generalsekretæren har i handteringa av kampen mot terrorisme og utviklinga i Afghanistan, er eit uttrykk for FN's relevans i høve til kompliserte internasjonale utfordringar og samansette konflikhtar. Saman med tildelinga av Nobels fredspris medverka dette til å styrkje Generalsekretæren og FN sin autoritet i ei tid med presserande utfordringar.

Utviklinga i Midtausten gjorde at det heller ikkje denne gongen var aktuelt å fremje den såkalla positive resolusjonen. Både handsaminga av konflikten i Tryggingrådet, der USA la ned veto to gonger, og spesialsesjonen i Generalforsamlinga i slutten av desember, viste på ny at medlemslanda i FN er sterkt splitta i denne saka.

Arbeidet i komiteane gjekk dette året stort sett gått bra sjølv om ein ikkje kan peike på dei store resultatane. Ein hadde ikkje saker som verka direkte splitande slik som saka om æresdrap gjorde året før. I 2. komité var det eit svært godt samarbeid mellom alle grupper når det gjaldt treårsgjennomgangen av FN's operasjonelle aktivitetar. Dette er ei svært positiv og gledeleg utvikling, sedd i lys av den striden og dei vanskanane ein hadde tre år tidlegare. Framleis er det ei gruppe land i G-77 som ønskjer å avgrense det sivile samfunnet og dei frivillige organisasjonane si deltaking i FN-systemet, men slike motsetningar òg var dempa ned under denne Generalforsamlinga. Ein tendens denne gongen var at amerikanske særstandpunkt i nokon mon har blokkert semje. Denne tendensen var svak under den første perioden av Generalforsamlinga, men forsterka seg mot avslutninga av arbeidet i komiteane. Eit døme på dette er at USA i 1. komité røysta imot alle resolusjonar med tilvising til prøvestansavtalen (CTBT). USA røysta òg imot alle resolusjonar med tilvising til den internasjonale straffedomstolen (ICC), både i komiteane og i plenum. Likevel viste ein frå amerikansk side større varsemd i 3. komité og var mindre skarp enn tidlegare under handsaminga av landresolusjonane.

Reformarbeidet har stort sett stått i stampe. Oppfølginga av Tusenårserklæringa har ikkje kome ordentleg i gang, av fleire grunnar. Kampen mot internasjonal terrorisme har i nokon mon overskygd dette arbeidet òg. Dessutan er oppfølginga avhengig av framdrift i prosessar som ligg utanfor Generalforsamlinga. Særleg viktig her er Konferansen for finansiering av utvikling i mars 2002 og Verdstoppmøtet for berekraftig utvikling i august/september 2002.

Resolusjonen om andre fase av gjennomføringa av Brahimi-rapporten representerer eit ytterlegare steg når det gjeld å forbetre FN's evne til å planleggje og gjennomføre fredstryggjande operasjonar. Sjølv om Generalsekretæren fekk godkjent berre 122 av dei 216 nye stillingane til sekretariatet som han hadde gjort framlegg om, innebar dette likevel eit monaleg og gledeleg lyft. Dei nye stillingane kjem i tillegg til dei 93 stillingane som vart oppretta i 2000 då Generalforsamlinga tok stilling til gjennomføring av første fase av rapporten.

FN's økonomiske situasjon ved utgangen av 2000 viste for tredje året på rad ei forsiktig positiv utvikling. For første gong vart det presentert eit framlegg til eit toårsbudsjett utarbeidd på grunnlag av eit resultatbasert format. Etter forhandlingar som strekte seg over tre månader, vedtok Generalforsamlinga FN's regulære budsjett for 2002-2003 på 2,63 mrd. amerikanske dollar (USD). Dette var ein auke på USD 92 mill. i høve til budsjettet for 2000-2001, men innebar ei nedskjering på USD 75 mill. i høve til Generalsekretæren sitt

opphevle framlegg. Det var særleg EU, Canada, Australia og USA som gjekk inn for nedskjering, og dei grunn gav det med at det trongst meir effektivisering og innsparingar. Innsparingane vart særleg gjorde på informasjonssektoren og på reisebudsjettet til dei FN-tilsette og ved at framlegget frå Generalsekretæren til fleire oppgraderingar av toppstillingar i FN ikkje fekk gjennomslag. Heller ikkje under den 56. generalforsamlinga førte arbeidet med reform av Tryggingrådet til noko resultat. Det peikte ikkje seg ut nokon reformformel med sjanse til å få stort nok fleirtal i Generalforsamlinga.

Drøftinga i Generalforsamlinga av spørsmål knytte til hav og havrett var også under denne Generalforsamlinga ein viktig arena for å profilere Noreg som ressursnasjon med viktige interesser på det marine området. Det vart forhandla om to resolusjonar, nærare bestemt den allmenne havrettsresolusjonen (omnibusresolusjonen) og resolusjonen om FN-avtalen om fiske på ope hav. Forhandlingane om resolusjonen var til dels vanskelege. Dette gjaldtsærleg spørsmål om oppretting av og arbeidet til regionale fiskeriforvaltingsorganisasjonar. Ein fekk på ein tilfredsstillande måte løyst alle dei spørsmåla som frå eit norsk synspunkt vart sett på som problematiske. Den endelege resolusjonsteksta må ein kunne seie er både god og balansert.

Noreg heldt også denne gongen ein høg profil under Generalforsamlinga. Det var ein fordel for delegasjonen at ein gjennom medlemskapen i Tryggingrådet kunne sjå sakene i ein større samanheng, ikkje minst samanhengen mellom handsaminga av viktige spørsmål i Tryggingrådet og FN's andre organ, slik at ein kunne utnytte dei synergieffektane som ligg i dette. Dette var nyttig under handsaminga av humanitære saker i Rådet og ikkje minst når det gjaldt tiltak for stabilisering og atterreisning i Afghanistan.

1.2 Dei sentrale aktørane

Under den 56. generalforsamlinga stod Noreg på lina med å halde egne innlegg, men slutta seg òg til EU-innlegg i ei rekkje tilfelle. Som i tidlegare år søkte Noreg også å medverke til kompromiss og å utnytte dei tradisjonelt gode kontaktane til ei rekkje viktige utviklingsland for å minske motsetningane mellom industri- og utviklingsland. Denne gongen hadde ein likevel færre opne konflikhtar både i Generalforsamlinga og i komiteane. Det vart halde svært få nordiske innlegg under Generalforsamlinga fordi dei nordiske EU-medlemmene i dei fleste sakene var bundne av felles EU-innlegg. Det gode nordiske samarbeidet vart likevel vidareført under Generalforsamlinga i form av tette samråd frå sak til sak. Noreg hadde òg nær kontakt med andre land, særleg innan JUZCANZ-gruppa, som er samansett av OECD-land utanfor EU og fungerer som eit uformelt forum for utveksling av opplysningar og synspunkt. Noreg hadde såleis òg nær kontakt med andre leiande industri-land som Japan, USA og Canada frå sak til sak.

EU står no fram som ei sentral forhandlingsgruppe i FN-systemet og opptrer med omsamde forhandlingsposisjonar og talar med ei røyst. Dette gjev EU ein framstående posisjon og forhandlingskraft i organisasjonen. Denne rolla vert styrkt ytterlegare ved at dei assosierte landa i Sentral- og Aust-Europa samla følgjer EU i dei fleste spørsmåla. EU sine standpunkt og haldningar ligg som regel nær dei norske. I Tryggingrådet er det derimot ikkje

tilsvarande samordning. Her ser ein ofte at dei EU-landa som er faste Tryggingsrådsmedlemmer, ikkje ønskjer felles EU-posisjonar.

Det var knytt monaleg spenning og interesse til USAs haldning til multilateralt samarbeid før Generalforsamlinga. I løpet av våren hadde ein sett klare teikn til svekka interesse i Washington for bindande multilateralt samarbeid og teikn på at den nye administrasjonen ville fjerne seg monaleg frå Clinton-administrasjonens meir positive haldning til samarbeidet i FN. Men USA var svært aktiv under Generalforsamlinga, først og fremst for også multilateralt å byggje ein koalisjon mot internasjonal terrorisme. Det er såleis von om at Bush-administrasjonen vil leggje større vekt på FN-samarbeidet i amerikansk utanrikspolitikk enn mange observatørar hadde trudd før Generalforsamlinga. Grunnlaget for ei betre forståing mellom FN og det politiske miljøet i Washington no er til stades, både på grunn av budsjettkompromisset året før og den solide støtta USA har fått i kampen mot internasjonal terrorisme i Tryggingsrådet og i Generalforsamlinga.

Dei faste medlemmene av Tryggingsrådet, USA, Storbritannia, Frankrike, Russland og Kina, spelar i kraft av posisjonen sin der alltid ei viktig rolle i dei andre organa i FN. Kina har ein sentral posisjon mellom utviklingslanda og opererer både innanfor og utanfor G-77. Russland legg mykje prestisje og ressursar i Tryggingsrådsarbeidet og søker aktivt å gjere innverknaden sin gjeldande i dei andre organa. Landet viser stor aktivitet under Generalforsamlinga, særleg når det gjeld sosiale og økonomiske spørsmål, og har ofte standpunkt som ligg nær opptil G-77 i ei rekkje spørsmål. Russland betalte året før inn den siste delen av den uteståande gjelda si til FN, USD 39,9 mill., i ein forsert nedbetalingsplan. Då medverka Russland på ein vesentleg måte i budsjettkompromisset om nye bidragsskalaer ved å ta på seg ein høgare bidragssprosent. Dette viser tydeleg at Russland no medvite underbyggjer og styrkjer posisjonen sin i verdsorganisasjonen.

G-77 heldt under Generalforsamlinga fram lina frå året før med større grad av forhandlings- og kompromissvilje. Den felles kampen mot internasjonal terrorisme har medverka til dette. Ein unngjekk i stor grad konfrontasjonar og fastlåste forhandlingssituasjonar. Det er òg ei interessant utvikling på gang innan G-77, der regionale og andre interessegrupper (likesinna land) i gruppa i større grad opptre friare i høve til det gamle kravet om berre ei G-77-røyst i forhandlingane. Denne tendensen var meir framtrudande det siste året og meir tydeleggjort på grunn av eit dyktig og i denne samanhengen eit liberalt iransk formannskap i G-77. Sikkert er det at debattane vert meir nyanserte og gjevande under slike forhold. Det vert òg vanskelegare for meir restriktive land å blokkere eller dominere ein saksgang. Enno fører ei gruppe land ein svært restriktiv politikk på viktige område, til dømes i spørsmålet om suverenitet og suverene rettar som avgrensing av verkeområdet til FN-pakta og i spørsmålet om det sivile samfunnet og dei frivillige organisasjonane si deltaking i FN-systemet.

1.3 Reform av Tryggingsrådet

Debatten under den 56. generalforsamlinga gav ingen vesentleg framgang i spørsmålet om utviding av Tryggingsrådet. Likevel kunne ein notere framsteg

i arbeidsmetodane som Rådet nyttar. Stadig fleire møte vert no haldne i open sesjon. Land som ikkje er medlemmer, får dermed i aukande grad innsyn og kan delta i Rådet sitt arbeid. Det avteikna seg vidare ein klar tendens i retning av at Rådet opnar for diskusjonar om særlege emne, også tema som tradisjonelt ikkje har vore på Rådet sin dagsorden, i skjeringspunktet mellom konflikthandling, humanitære spørsmål og utvikling.

1.4 Nedrusting og internasjonal tryggleik

Arbeidet i 1. komité og røystinga følgde tradisjonelle liner. Terroråtaka 11. september sette monaleg preg på sesjonen. Komitéformannen la fram ein resolusjon om nedrusting og global nedkjemping av terrorisme, som vart vedteken med konsensus. Fråveret av ein Ny Agenda-resolusjon gjorde sitt til at det vart mindre debatt om kjernevåpen enn på sesjonane i 1. komité dei tre tidlegare åra. Russland la fram ABM-resolusjonen sin denne gongen òg. USA uttrykte eit visst vonbrot over dette, med tanke på den bilaterale dialogen som går føre seg om å fastsetje ei ny strategisk ramme. Som tidlegare og til liks med andre allierte lét Noreg vere å røyste på resolusjonen. USA røysta denne gongen mot Japans resolusjon om kjernefysisk nedrusting og mot eit prosedyrevedtak om å føre opp CTBT på dagsordenen for neste Generalforsamling. Til liks med EU og Canada heldt Noreg ei røysteforklaring i samband med handsaminga av prosedyrevedtaket om CTBT, der verdien av Prøvestansavtalen vart understreka. Resolusjonen om Minekonvensjonen, som Noreg la fram saman med Nicaragua og Belgia, samla denne gongen endå fleire medframleggsstillarar enn sist, m.a. frå nokre land som enno ikkje hadde tiltredd konvensjonen. Ingen land røysta mot. I debatten om dei to handvåpenresolusjonane vart det uttrykt monaleg støtte til handlingsprogrammet frå FN-konferansen om sommaren. Resolusjonane vart vedtekne utan votering.

1.5 Regionale konflikter

1.5.1 Midtausten

Handsaminga av Midtausten-spørsmålet var prega av det høge spenningsnivået i regionen, og konflikten mellom israelarar og palestinarar medførte harde og uforsonlege utspel i Generalforsamlinga. Noreg opprettheldt røystemønsteret sitt frå året før, bortsett frå i tilfellet med resolusjonen om ei fredeleg løysing på Palestina-spørsmålet, der Noreg valde å la vere å røyste etter som resolusjonen ikkje i tilstrekkeleg grad tok omsyn til ønsket om å verne både israelske og palestinske sivile mot valdelege aksjonar. På bakgrunn av den negative utviklinga i fredsprosessen var det heller ikkje denne gongen mogeleg for Noreg, Russland og USA å leggje fram den såkalla «positive resolusjonen». På bakgrunn av den spente situasjonen i regionen og at Tryggingrådet nokre dagar tidlegare ikkje hadde lukkast i å vedta ein resolusjon om situasjonen i Midtausten, vart det innkalla til spesialsesjon i Generalforsamlinga. I spesialsesjonen røysta Noreg for resolusjonen om den 4. Genève-konvensjonen og lét vere å røyste på resolusjonen som det vart røysta over i Tryggingrådet nokre dagar tidlegare.

1.5.2 Afrika

Utanom handsaminga i Generalforsamlinga sitt plenum av dagsordenspunktet om fremjing av varig fred og berekraftig utvikling i Afrika og samarbeidet mellom FN og OAU, har det knytt seg særleg interesse til handsaminga av spørsmålet om kva rolle diamantar spelar i konflikhtar. I 2000 var Noreg medframleggsstillar på konsensusresolusjonen som legg opp til at det vert etablert eit globalt sertifiseringssystem for diamantar. Vona er at eit slikt registreringssystem skal medverke til å auke stabiliteten i Afrika ved å gjere det vanskelegare å finansiere væpna konflikhtar med sal av diamantar. I løpet av 2001 vart det gjort viktig framgang i dette arbeidet innanfor den såkalla Kimberlyprosessen, og ein reknar med at saka vert handsama vidare i Generalforsamlinga i 2002.

Koplinga mellom ulovleg diamanthandel og væpna konflikhtar har òg stått på dagsordenen til Tryggingrådet i samanheng med konfliktane i Den demokratiske republikken Kongo, Angola og Sierra Leone. Sanksjonsregima knytte til diamantar i Angola, Sierra Leone og Liberia vart studerte av ekspertgrupper i 2001. Ein allmenn konklusjon er at sanksjonane nok verkar, men at dei òg vert brotne i eit slikt omfang at det er rom for store forbetringar.

Tryggingrådet brukar mykje tid på spørsmål knytte til Afrika. I 2001 gjekk det med særleg mykje tid til å handtere konfliktane og FN-operasjonane i Den demokratiske republikken Kongo og Sierra Leone, samt Etiopia-Eritrea. Sjå elles under punkt 3.3.1 der det er gjeve ei breiare framstilling av Rådet si handsaming av spørsmål knytte til Den demokratiske republikken Kongo, Burundi, Den sentralafrikanske republikken, Angola, Sierra Leone, Etiopia/Eritrea (under norsk leiing), Somalia (under norsk leiing), Vest-Sahara og Libya.

1.5.3 Europa

Med demokratiske regime i Jugoslavia (FRJ) og Kroatia var det i 2001 ei positiv utvikling i konflikhtar på Balkan, der FN har fredstryggjande operasjonar. Dette gjeld både i Kosovo, der FN gjennom den svært omfattande operasjonen UNMIK er mellombels administrator og ansvarleg for overgangen til sjølvstyre for provinsen etter Tryggingrådet's resolusjon 1244, og i Bosnia-Hercegovina, der UNMIBH held fram det viktige arbeidet for mellom anna politireform og flyktningretur. FN's mangeårige operasjonar i Kypros (UNFICYP) og Georgia (UNOMIG) spelar enno viktige stabiliserande roller i sine respektive konfliktområde, i påvente av at partane, med hjelp frå FN's generalsekretær og representantane hans, skal kunne kome fram til varige fredsløysingar.

1.5.4 Asia

Situasjonen i Afghanistan vart, saman med kampen mot terrorisme, ei hovudsak for FN under den 56. generalforsamlinga. Generalforsamlinga vedtok ein resolusjon som, i motsetning til tidlegare år, kunne fokusere på den positive utviklinga i samband med at det repressive og kvinnefiendtlige Talibanregimet vart fjerna fordi det støtta Usama bin Laden og al-Qaida-nettverket hans, som stod bak terroraksjonane i USA 11. september. Generalsekretæren sin spesialrepresentant Lakhdar Brahimi leidde forhandlingane som i desember 2001 førte fram til Bonn-avtalen om å setje inn eit representativt interimssyre etter Talibans fall, og gjev FN ei heilt sentral rolle i oppfølginga, i form av

ein FN-operasjon som skal støtte interimregjeringa i arbeidet med å stabilisere og rehabilitere Afghanistan. Noreg spelar ei viktig rolle som medlem av Tryggingrådet, som formann i støttegruppa for Afghanistan (ASG), som troppebidragsytar til dei multinasjonale operasjonane for å medverke til tryggleik i Afghanistan og som monaleg bidragsytar til humanitær innsats og anna hjelp, som må ventast å halde fram i overskødeleg framtid.

Det vart teke viktige steg mot fullt sjølvstende for Aust-Timor i 2001, mellom anna ved val på ei grunnlovgjevande forsamling og innsetjing av ei fullstendig austtimoresisk overgangsregjering. Den 20. mai 2002 vil Aust-Timor verte erklært sjølvstendig.

Sjå elles under punkt 3.3.6, der det vert gjeve ein brei omtale av FN's omgang med konflikta i Afghanistan, Kaukasus-området og Sentral-Asia.

1.6 Fredstryggjande operasjonar

Talet på militært personell knytt til FN's fredstryggjande operasjonar var midt på 90-talet oppe i ca. 80 000. Per 31. desember 2001 var talet ca. 37 000, ein auke på ca. 7000 frå 2000. Sivilt politi talde på same tidspunkt ca. 7 600, ein nedgang på ca. 200 frå 2000.

Noreg deltok per 31. desember 2001 i ni av FN's 15 fredstryggjande operasjonar med 30 militære offiserar i fem operasjonar og med 48 polititenevne i fem operasjonar. Dette er ein nedgang på fem personar frå 2000. I tillegg deltok Noreg per 31. desember 2001 med om lag 1 200 soldatar i dei FN-autoriserte, men NATO-leidde, fredsoperasjonane på Balkan. Dei samla utgiftene til FN's fredstryggjande operasjonar er for 2001 kostnadsrekna til ca. USD 2,7 mrd., ein auke på ca. USD 700 millionar frå 2000.

Oppfølginga av tilrådingane i den såkalla Brahimi-rapporten prega mykje av arbeidet omkring fredstryggjande operasjonar i Generalforsamlinga i 2001. Ei ytterlegare styrking i form av nye stillingar til sekretariatet si avdeling for fredstryggjande operasjonar vart vedteken. Det var òg semje om å særleg styrkje funksjonar som leiing, strategisk planlegging samt informasjonsinnhenting og analyse. Andre problemstillingar som stod høgt på dagsordenen, og der det òg vart gjort viktige framsteg, er samarbeidet mellom Tryggingrådet og dei troppebidragsytande landa, samt arbeidet med å etablere mekanismar for å redusere deployeringstida for fredstryggjande operasjonar.

1.7 Økonomiske og sosiale saker

Sesjonen i 2. komité følgde denne gongen eit noko uvanleg mønster. Dette skuldast delvis omleggingar i arbeidsprogrammet som følgje av terroråtaka på USA, men òg at det var semje om å ikkje substanshandsame dagsordenspunktta om økonomiske spørsmål (globalisering, handel og utvikling, gjeldslette, internasjonal finansiell arkitektur) i lys av at desse temaa vert handsama i prosessen med å førebu FN-konferansen om finansiering av utvikling (FFD) i Mexico i mars 2002. På utviklingssida vart fokus retta mot treårsgjennomgangen av FN's operasjonelle aktivitetar, oppfølging av Konferansen om dei minst utvikla landa (MUL) i Brussel i mai 2001, samt resolusjonen om fattigdomsnedkjemping.

Generalforsamlinga vedtok ein omfattande resolusjon om FNs hjelpeverks-
semd. Hovudfokuset for FN på dette området skal vere å kjempe mot fattig-
dom og å oppnå måla frå FNs tusenårserklæring og dei store FN-konfer-
ansane. Det vert lagt vekt på å konsolidere og vidareutvikle FNs samordnings-
mekanismar på landnivå grunna på sterkare mottakarstyring, og integrering i
mottakarlandet sine strategiar, m.a. for fattigdomsnedkjemping. FN-organ-
isasjonane vert pålagde å påskunde arbeidet sitt med å samordne planleg-
gings- og rapporteringsrutinar som eit viktig verkemiddel for å sikre betre
samordning mellom institusjonane på landnivå. Som oppfølging av Konfer-
ansen om dei minst utvikla landa (MUL) vart det vedteke å opprette ei stilling
som visegeneralsekretær for MUL i New York. Det vert oppretta eit kontor for
denne stillinga, der dei tilsette delvis skal kome frå allereie eksisterande per-
sonale i UNCTAD og delvis frå personale utlånt frå andre FN-institusjonar. I
resolusjonen om fattigdomsnedkjemping vert Generalsekretæren beden om å
utarbeide ein rapport til den 57. generalforsamlinga om reglar for eit eventuelt
internasjonalt solidaritetsfond for fattigdomsnedkjemping, som er føreslege
av Tunisia. Det vert uttrykkeleg nemnt at ein må unngå overlapping med FNs
eksisterande fond, slik m.a. Noreg og EU understreka måtte vere ein føreset-
nad.

1.8 Miljø- og ressurssspørsmål

Med omsyn til miljø og berekraftig utvikling vart hovudvekta lagd på førebu-
ingane til Verdstoppmøtet for berekraftig utvikling (WSSD), som skal haldast
i Johannesburg i august/september 2002, og oppfølging av spesialsesjonen av
FNs generalforsamling i juni 2001 om busetjingsspørsmål (HABITAT). I
forhandlingane om Verdstoppmøtet for berekraftig utvikling (WSSD) vart det
klart at frå utviklingslanda si side vert dette sett i samanheng med Konfer-
ansen om finansiering av utvikling i Mexico i mars 2002, og at ein først kan
vente vesentlege framsteg i substans med omsyn til WSSD etter at Mexico-
konferansen er halden. Det vart vedteke å setje i verk ein større informasjon-
skampanje i samanheng med WSSD, som skal finansiert med ein kombinasjon
av interne omprioriteringar og frivillige bidrag. Noreg fekk gjennomslag for at
deltaking frå dei minst utvikla landa skal prioriterast i samband med økono-
misk støtte til deltaking i konferansen. Som eit ledd i oppfølginga av spe-
sialsesjonen av FNs generalforsamling i juni 2001 om busetjingsspørsmål
(HABITAT) vart det vedteke å gjere om FNs busetjingssenter til eit FN-pro-
gram. Busetjingskommisjonen («United Nations Human Settlements Com-
mission») vert omgjort til eit styre («Governing Council») som er direkte
underlagt FNs generalforsamling. Eksekutivdirektøren skal framleis vere på
visegeneralsekretærnivå.

1.9 Menneskerettsspørsmål

Opptakten til handsaminga av menneskerettsspørsmål var òg prega av 11. sep-
tember og kampen mot terrorisme. Aktørane vart meir forsiktige og til dels
uvisse på korleis dei tradisjonelle «blokkene» ville opptre og korleis forhan-
dlingsklimaet allment sett ville utvikle seg. Den stendige utsetjinga av rasis-
medebatten, på grunn av problema med å få gjort ferdig sluttdokumentet frå

Durban, medverka ytterlegare til denne uvissa. Dette gav seg mellom anna utslag i ei viss vedtaksvegring blant fleire aktørar, trass i fråveret av utprega kontroversielle einskildsaker.

Mange av dei mest omstridde resolusjonane vart skuva ut til slutten av sesjonen. Dette gjaldt m.a. resolusjonane om menneskerettar og terrorisme samt landresolusjonen om Afghanistan. Dette vart gjort for å vinne tid i høve til den dynamiske utviklinga på desse områda. Ein urimeleg stor del av arbeidet vart difor konsentrert mot slutten av sesjonen. Atmosfæren var likevel konstruktiv, og mindre konfrontatorisk enn ein kunne frykte. Med omsyn til landresolusjonane vart tendensen frå året før til svakare oppslutning snudd. Til dømes var det denne gongen vesentleg høgare oppslutning om Iran-resolusjonen, men resolusjonane om Irak og Sudan òg fekk større oppslutning enn på sesjonen året før.

Trenden ein var vitne til under Generalforsamlinga året før og under 2001-sesjonen til kommisjonen for menneskerettar, der det var stadig fleire voteringar over tradisjonelle konsensusresolusjonar, var ikkje merkbar under sesjonen denne gongen. Tvert imot syntest fleire delegasjonar å føretrekkje konsensus og viste som oftast stor fleksibilitet. Det var likeins ein større tendens til å forsvare tidlegare oppnådd semje enn å ta nye steg. Slik sett vil nok sesjonen denne gongen verte ståande som ein sesjon der ein på dei fleste område stod på «staden kvil». Det var ikkje noko større initiativ eller steg som dreiv menneskerettsagendaen framover. På den andre sida var det heller ikkje noko substansielt tilbakesteg.

1.10 Humanitære spørsmål, inkludert minetiltak

FNs avdeling for humanitær hjelp (OCHA) og FN allment vart rosa for måten FN hadde handtert den humanitære krisa i Afghanistan på. Andre tema som gjekk igjen i innlegga, var behovet for å betre responsen på dei humanitære appellane, betre samordning innan FN og mellom FN og andre humanitære aktørar, betre tryggleik for humanitært personell, internt fordrivne og behovet for rimeleg balanse mellom respons på naturkatastrofar og komplekse kriser. Tendensen frå tidlegare år der særleg einskilte utviklingsland understrekar behovet for respekt for nasjonal sjølvrådetrett i arbeidet med å møte humanitære behov og påpeiker behovet for større fokus på naturkatastrofehjelp, var merkbar under debatten denne gongen òg. Desse skilnadene mellom innlegga frå utviklingslanda og innlegga frå gjevarlanda syntest likevel noko mindre markerte enn tidlegare. I budsjetthandsaminga vart det vedteke å finansiere fleire stillingar i FN for å betre tryggleiken for FN-personell og humanitært personell. Dette er ei konkret oppfølging av behov som har vore påpeikte i fleire år, og som FN-tilsette har bede medlemslanda om å prioritere. Blant dei konkrete humanitære krisene som vart handsama, peikte Afghanistan seg ut. I tillegg vart ei rekkje situasjonar omtala, m.a. Tsjernobyl, dei palestinske områda, Balkan og sentralasiatiske republikkar, samt dei pågåande humanitære krisene i Afrika. Frå mange hald vart det oppfordra til å ikkje la merksemda om Afghanistan føre til at ein gløymer behovet for å yte hjelp til andre humanitære kriser òg, ikkje minst i Afrika.

Resolusjonen om minetiltak er i hovudsak grunna på tidlegare konsensus-tekst. Dei mest kontroversielle temaa i denne resolusjonen er omtalen av landminekonvensjonen og kva prioriteringar som skal liggje til grunn for FN's land-

minetiltak. Dei landa som ikkje har ratifisert landminekonvensjonen, ønskjer ikkje å gjere han til det viktigaste grunnlaget for FN's arbeid med landminer. I tillegg kjem at einskilde land som framleis har mange landminer frå den andre verdskrigen, ønskjer at rydding av desse skal prioriterast høgare av FN. Dei fleste gjevarlanda, m.a. Noreg, meiner likevel at avgrensa ressursar bør prioriterast til tiltak i land som følgjer føresegnene i landminekonvensjonen, og der landminer er eit meir akutt trygging-, helse- og utviklingsmessig problem. Det lukkast til slutt å kome fram til semje om resolusjonsteksta.

1.11 FN's finansar

FN's økonomiske situasjon ved utgangen av 2001 viste for tredje året på rad ei forsiktig positiv utvikling for det regulære budsjettet. Medlemslanda si gjeld til FN var likevel USD 2,2 mrd., og av dette var USD 1,9 mrd. gjeld til FN's fredstryggjande operasjonar. USA betalte i alt inn over USD 1,5 mrd. i 2001 og skulda ved utgangen av året USD 165,4 mill. til det regulære budsjettet, USD 786,7 mill. til FN's fredstryggjande operasjonar og USD 14,7 mill. til krigsforbrytardomstolane. For første gong betalte USA inn meir til FN enn ilikna bidrag for året og betalte i alt inn USD 475 mill. i gamal gjeld. Innbetaling i 2001 av denne summen og motrekning av USD 107 mill. som FN skulda USA, inneber at USA oppfylte sin del av den pakkeløysinga som vart inngått i 2000 mellom USA og medlemslanda i FN. Løysinga gjekk ut på at USA's krav om nedsett del til FN's regulære budsjett vart vedteke, og at kravet om nedsett del til FN's fredstryggjande operasjonar delvis vart innfridd mot at USA i 2001 gjorde opp for gamal gjeld på USD 582 mill. Det vart vedteke eit budsjett på USD 2,625 mrd. for neste toårsperiode. Dette var USD 92 mill. meir enn budsjettet for 2000-2001, men innebar ei nedskjering på USD 75 mill. i høve til Generalsekretæren sitt opphavlege budsjettframlegg. For budsjettåret 1. juli 2002 til 30. juni 2003 vart det vedteke eit førebels toårsbudsjett for krigsforbrytardomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda på høvesvis USD 242,7 mill. og USD 192,3 mill. Spørsmålet om nye stillingar skal handsamast på den vidareførte sesjonen av Generalforsamlinga i mars, ettersom USA og ei rekkje andre land stilte seg svært kritiske til domstolane sitt stadig aukande pengeforbruk og manglande effektivitet og ønskte meir tid til å handsame kravet om nye stillingar.

1.12 Juridiske spørsmål

Respekt for folkeretten og den internasjonale rettsordenen er grunnleggjande føresetnader i FN-pakta og i FN's institusjonelle system. At dei to internasjonale ad hoc-straffedomstolane for krigsbrottsverk og brottsverk mot menneskja i høvesvis det tidlegare Jugoslavia og Rwanda vart oppretta, og at statuttane for Den internasjonale straffedomstolen (Roma-vedtektene) vart vedtekne, inneber store framsteg når det gjeld styrking av folkeretten gjennom internasjonal institusjonsbygging.

I den seinare tida har ein fått klargjort verdien av effektive, truverdige og rettferdige rettsoppgjær, nasjonalt eller om naudsynt internasjonalt, for langiktig fred og forsoning i samfunn som har vore utsette for massive overgrep. Frå norsk side har ein aktivt støtta straffedomstolane for Rwanda og det tidlegare Jugoslavia og at det snart vert oppretta ein permanent, internasjonal

straffedomstol, med breiast mogeleg støtte. Som ein av pådrivarane for å setje prosjektet om Den internasjonale straffedomstolen på den internasjonale dagsordenen deltok Noreg aktivt i forhandlingane om domstolsvedtektene. Noreg ratifiserte vedtektene i februar 2000 som stat nummer sju.

Ein ventar at Den internasjonale straffedomstolen kjem til å tre i kraft i midten av 2002. For at domstolen skal verte oppretta, krevst det at 60 statar ratifiserer vedtektene. Ved utgangen av 2001 hadde 48 statar gjort dette. Heile 139 hadde underskrive vedtektene. Den internasjonale straffedomstolen må sjåast på som eit viktig tilskot til styrking av den internasjonale rettsordenen og som eit gjennombrut for folkeretten. Dersom domstolen vert oppretta, vil det kunne medverke til å førebyggje masseovergrep og til langsiktig fred og forsoning etter konflikter. Domstolen byggjer på prinsippet om at statane har det primære ansvaret for å straffeforfølgje dei alvorlegaste internasjonale brotsverka, og ein ventar at han vil få ein vesentleg funksjon som spore til at statar tek dette ansvaret alvorleg.

2 Konstituering og utvikling

2.1 Avslutning av den 55. generalforsamlinga

Den 55. generalforsamlinga vart førebels avslutta 23. desember 2000. Ho kom saman med jamne mellomrom våren og sommaren 2001 for å drøfte uteståande spørsmål på dagsordenen. Den 55. generalforsamlinga vart formelt avslutta 10. september 2001.

Generalforsamlinga sin spesialsesjon om born skulle vore halden i New York 19.-21. september 2001. Sesjonen vart utsett til 8.-10. mai 2002 på grunn av terroriståtakket på USA 11. september.

2.2 Oppnemning av delegasjon til den 56. generalforsamlinga

Til å representere Noreg på FNs 56. generalforsamling vart denne delegasjonen oppnemnd:

| | |
|-----------------------|----------------------------|
| Delegerte: | |
| Utanriksminister | Jan Petersen, leiar |
| Ambassadør | Ole Peter Kolby, nestleiar |
| 1.del av sesjonen: | |
| Delegerte: | |
| Stortingsrepresentant | Tom Thoresen |
| Stortingsrepresentant | Gunhild Øyangen |
| Stortingsrepresentant | Are Næss |
| Vararepresentantar: | |
| Stortingsrepresentant | Per Ove Width |
| Stortingsrepresentant | Petter Løvik |
| Stortingsrepresentant | Torstein Rudihagen |
| 2. del av sesjonen | |
| Delegerte: | |
| Stortingsrepresentant | Inge Myrvoll |
| Stortingsrepresentant | Finn Kristian Marthinsen |
| Vararepresentantar: | |
| Stortingsrepresentant | Reidun Gravdahl |
| Stortingsrepresentant | Bjørn Hernæs |
| Stortingsrepresentant | Øyvind Vaksdal |
| Stortingsrepresentant | Sverre Myrli |

Observatørar:
Barne- og familiedepartementet
Landsorganisasjonen i Noreg, LO

Næringslivets Hovedorganisasjon, NHO
FN-sambandet
NGO-forum, v/Den norske Helsingforskomité
Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjonar, LNU
Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja
Noregs Fredsråd

I tillegg deltok som rådgjevarar for delegasjonen medarbeidarane ved Noregs faste delegasjon til Dei sameinte nasjonane og andre norske utanriksstasjonar, samt embets- og tenestemenn som arbeider med FN-spørsmål i Utanriksdepartementet.

2.3 Forsamlinga si utvikling

Den 56. generalforsamlinga vart opna 12. september 2001, ein dag forseinka og sterkt prega av terroråtaka i New York og Washington. Generalforsamlinga vedtok på opningsdagen ein resolusjon som fordømde terroråtaka i USA. Dagsordenen for Generalforsamlinga omfatta i alt 176 punkt.

I den føreliggjande stortingsmeldinga er det gjort greie for dei hovudsakene som prega denne sesjonen. Som grunnlag for arbeidet hadde delegasjonen på vanleg måte instruksar frå Utanriksdepartementet. Delegasjonen stod i nær kontakt med delegasjonane frå dei andre nordiske landa, delegasjonane frå EU-landa og andre delegasjonar som det var naturleg å samarbeide med i dei einskilde sakene.

Generalforsamlinga sin spesialsesjon om born skulle vore halden i New York 19.-21. september 2001. Sesjonen vart utsett til 8.-10. mai 2002 på grunn av terroriståtaket på USA 11. september.

2.4 Konstituering og val av nye medlemmer

Den 56. generalforsamlinga valde Sør-Koreas utanriks- og handelsminister Han Seung-Soo som president for den 56. generalforsamlinga. Den nye presidenten la i opningstalen sin vekt på å uttrykkje avsky over terroråtaka den 11. september og solidaritet med offera og USA's regjering.

Det vart ikkje teke opp nye medlemmer under den 56. generalforsamlinga.

Den 56. generalforsamlinga valde følgjande fem statar som nye, ikkje-faste medlemmer av Tryggingrådet for perioden 2002-2003: Bulgaria, Guinea, Kamerun, Mexico og Syria.

3 Oversyn over og vurdering av FNs 56. generalforsamling

3.1 Reform av FN

3.1.1 Reform av Tryggingrådet

Spørsmålet om reform og utviding av Tryggingrådet står sentralt i reformarbeidet i FN. Rådet vart sist utvida i 1963, frå 11 til 15 medlemmer. Den 48. generalforsamlinga oppnemnde ei arbeidsgruppe for alle medlemslanda i FN for å vurdere alle sider ved spørsmålet om ei utviding av medlemstalet i Tryggingrådet, arbeidsmetodane i Rådet og tilhøvet til andre medlemsland.

Arbeidet gav konkrete resultat, mellom anna i form av at fleire møte og debattar i Tryggingrådet no er opne for deltaking av og innlegg frå land som ikkje er medlemmer av Rådet. Noreg er mellom dei landa som aktivt har arbeidd for større openskap. Orienteringar frå FN-sekretariatet og diskusjonar i samband med resolusjonsvedtak, som tidlegare til vanleg fann stad i lukka samråd i Rådet, vert stadig oftare haldne i opne møte. I tillegg har Rådet opna opp for tematiske debattar, også om utradisjonelle tema som aids. Det har utvikla seg ei brei semje om behovet for openskap og om nytta av mekanismar for samråd, mellom anna mellom Rådet og troppebidragsytande land.

Samtidig var arbeidet i den opne arbeidsgruppa prega av stor avstand i synspunkta på prinsippa for korleis ei utviding av Rådet bør gå føre seg. Det avteikna seg brei semje om at Rådet bør utvidast for at samansetjinga betre skal spegle dei politiske og økonomiske realitetane i verda i dag, medrekna auken i talet på medlemsland, og for at utviklingslanda skal kunne få betre representasjon. Men situasjonen er fastlåst når det gjeld korleis ei utviding skal gjennomførast, og særleg gjeld det storleiken på eit utvida tryggingråd og om ei slik utviding skal omfatte både faste og ikkje-faste plassar. Land som Storbritannia, Tyskland, Frankrike, USA, Japan, Noreg og dei andre nordiske landa har gått inn for ei utviding av både faste og ikkje-faste plassar. Men sentrale aktørar som Italia, Pakistan, Mexico, Spania, New Zealand, Canada, Tyrkia og Argentina har gått inn for ei utviding av berre ikkje-faste plassar. Dei alliansefrie landa (NAM) har vore positive til ei utviding av både faste og ikkje-faste plassar, men dersom det viser seg vanskeleg å kome til semje om kva land som eventuelt skal få fast plass, vil dei gå inn for å utvide Tryggingrådet med berre ikkje-faste plassar i første omgang. Det er òg usemje mellom dei landa som støttar nye faste plassar, mellom anna om kriteria for utveljing av nye faste medlemmer og om det samla talet på land i eit utvida Tryggingråd. Dei fem noverande faste medlemmene (P5) er særleg opptekne av at ei utviding ikkje må verte for stor, mellom anna av omsyn til effektiviteten i Tryggingrådet. USA, som saman med Russland har vore dei mest restriktive, medverka likevel til ei viss tilnærming i posisjonane ved å opne for ei utviding av Rådet til litt over 21 medlemmer. Frankrike og Storbritannia er meir fleksible. Utviklingslanda meiner på si side at 24 medlemmer er eit minimum.

Vetoretten er omstridd, både for eksisterande og eventuelt nye faste medlemmer av Tryggingrådet. Ei rekkje utviklingsland ønskjer å avgrense eller fjerne vetoretten. Land som er potensielle nye faste medlemmer, har signalisert at dei ikkje kan akseptere eit skilje mellom gamle og nye faste medlemmer når det gjelder dette. Det er òg lite som tyder på at dei fem faste medlemmene i dag er villige til å gje opp vetoretten.

Det vert vanskeleg å kome fram til semje. Generalforsamlinga har vedteke ein resolusjon om at alle vedtak om reform og utviding av Tryggingrådet må gjerast med to tredels fleirtal av alle FN's medlemsland. Arbeidsgruppa held fram med arbeidet i 2002, for niande året på rad, men utsiktene til vidare reell framdrift er framleis svært usikre.

3.1.2 Spørsmål om finansielle og administrative reformer

Resolusjonen om den andre fasen av gjennomføringa av Brahimi-rapporten representerer eit steg framover når det gjeld å forbetre FN's evne til å planleggje og gjennomføre fredstryggjande operasjonar. Generalsekretæren kom med eit framlegg om å styrkje sekretariatet med 216 stillingar i tillegg til dei 93 nye stillingane frå året før. Den rådgjevande komiteen for administrative og budsjettmessige spørsmål (ACABQ) tilrådde 129 av desse stillingane. Noreg og CANZ-landa var blant dei få landa som ordla seg relativt klart i ein elles vag debatt. Både Noreg og CANZ gav uttrykk for at ein var overraska over dei store nedskjeringane i ACABQ sitt framlegg. I begge innlegga vart det vist til at FN's fredsbyggjande verksemd stadig får nye dimensjonar, og at ein difor støttar framlegg om stillingar som vil vere ei styrking av FN's kapasitet når det gjeld analyse, informasjon, varetaking av kvinneperspektivet, menneskerettar m.m. EU delte stort sett dette synet, men valde likevel som utgangspunkt i forhandlingane å avgrense seg til å ymte om at tilrådingane frå ACABQ nok kunne vere utgangspunkt for eit kompromiss.

Av dei landa som tydelegast gav uttrykk for støtte til tilrådingane frå ACABQ, var USA, Russland, Ukraina og India. Utviklingslanda gjentok skepsisen dei hadde til hastverket som Generalsekretæren har hatt med å følgje opp tilrådingane frå Brahimi. Dei viste til at det har teke lang tid å fylle dei 93 stillingane som alt var godkjende. Utviklingslanda ymta om at Generalsekretæren nytta merksemda om Brahimi-rapporten til generelt å be om auka ressursar til sekretariatet. Dei åtvara mot å freiste å byggje opp ei rekkje mindre fageiningar innanfor Avdelinga for fredstryggjande operasjonar (DPKO), fageiningar som alt finst i andre delar av FN-sekretariatet. Fleire troppebidragsytande land var derimot positive til å styrkje einingar som har med den praktiske administrasjonen av fredstryggjande operasjonar å gjere. Det vart òg understreka at dei nye stillingane i stor grad bør fyllast med personar frå dei nemnde landa.

Kompromissløysinga vart at det vart vedteke 121 nye stillingar til ein årleg kostnad av USD 16,1 mill., noko som inneber at det vart gjort eit monaleg og gledeleg lyft på dette området. Mindre positivt var det at ein ikkje lukkast å støtte opp om framlegget frå Generalsekretæren om å opprette nye stillingar til kontoret innan DPKO for nedrusting, demobilisering og reintegrering og stillingar som skulle fokusere på kvinneperspektivet i fredstryggjande og fredsskapande verksemd. Sjølv om mange land hadde snakka varmt om desse områda både i Spesialkomiteen for fredstryggjande operasjonar og i Trygging-

srådet, var det få land i tillegg til Noreg og CANZ som følgde opp når ressursane skulle fordelast. Den eine stillinga som skulle fokusere på kvinneperspektivet, vil likevel verte vurdert på nytt i samband med at Generalsekretæren utarbeider ein heilskapleg strategi når det gjeld kvinneperspektivet.

Eit viktig vedtak som vart gjort, var oppfølginga av resolusjonen om tryggleiken for FN-personell, der Noreg var svært aktivt involvert. I det norske innlegget støtta ein framlegget frå Generalsekretæren om 19 nye stillingar i hovudkvarteret, medrekna ein heiltidstilsett tryggingssamordnar og 276 nye stillingar i felten (184 lokalt tilsette). Det vart òg etterlyst ei klargjering av tilhøvet mellom DPKO og tryggingssamordnaren. Det vart understreka at det er viktig at det vert utarbeidd normer for kven som er ansvarleg for kva, og at det trengst klare kommandolinjer mellom hovudkvarteret og felten. Det var dessutan avgjerande at det overordna ansvaret for tryggleiken vart sentralisert til FN-kontoret for tryggleik (UNSECOORD), og at ein hadde ein felles politikk, som vart følgd opp av alle organisasjonar, fond og program innanfor FN-systemet. Noreg støtta ei eiga eining for opplæring. Ein helsa til slutt velkomen den nye modellen for å dele kostnader mellom FN-hovudkvarteret, særorganisasjonane og FN-fond og -program når det gjeld tryggleik, som er framforhandla i 2001.

Framlegget frå Generalsekretæren vart følgd opp i den resolusjonen som vart vedteken. I resolusjonen vart det òg etterlyst ein mekanisme ute i felten som står ansvarleg for tryggleiken til FN-personellet. I den samanhengen vart Generalsekretæren beden om å rapportere om oppretting av ein slik mekanisme og om gjennomføring av felles normer på dette området. Generalsekretæren vart vidare beden om å gjere ei evaluering av FN's tryggingssystem, medrekna det nye opplegget for betre samordning av FN's tryggingssystem og tilhøvet mellom FN's avdeling for fredstryggjande operasjonar og FN's tryggingssamordnar. Den sistnemnde stillinga er no gjort til ei eiga heiltidsstilling.

Generalforsamlinga slutta seg til framlegget til Den internasjonale tenestemannskommisjonen (ICSC) om ein 3,87 prosent auke i grunnløna for fagte nestemenn og justering av andre tillegg. Det vart vidare vedteke at formannen i ICSC i nært samarbeid med Generalsekretæren skulle leggje fram ein timeplan for gjennomføring av ein gjennomgang av ICSC. Dette er eit reformframlegg som Generalsekretæren har kome med, og som tidlegare har vorte utsett ei rekkje gonger ettersom formannen i ICSC, som er frå eit utviklingsland, har tolka kravet om ein gjennomgang som kritikk av ICSC. Utviklingslanda har støtta formannen sitt syn og tidlegare avvist kravet om ein gjennomgang og grunngeve dette med at Kommisjonen fungerer tilfredsstillande. Dei fleste vestlege land har derimot hevda at Kommisjonen kan forbetre arbeidsmetodane, og var rimeleg nøgde med at ein no har vedteke ein timeplan for gjennomføringa av ein gjennomgang. ICSC gjev Generalforsamlinga innstilling om løns- og tenestevilkår som gjeld for heile FN-systemet med unntak av Bretton Woods-institusjonane. ICSC har samarbeidsproblem med personellorganisasjonane i FN, som er sterkt kritiske til ICSC sitt arbeid og meiner at det ikkje har vorte teke omsyn til synspunkta deira.

Det vart òg vedteke ein resolusjon om eit framlegg frå Generalsekretæren om bygging av eit nytt gjeste-/turistsenter ved FN-hovudkvarteret i New York. Generalsekretæren bad om løyve til å gå vidare med eit prosjekt der USAs FN-samband har tilbode seg å skaffe 50-60 mill. til bygging av eit nytt gjestesenter. Etter overleveringa av gåva vil det vere FN som står for den kommersielle drifta. FN vil òg ha styringa med utforminga av bygget og med samordninga med anna modernisering av FN-komplekset. Særleg EU var skeptisk til kva økonomiske følgjer drift og vedlikehald av eit nytt senter ville få for FN. Men i den resolusjonsteksta som vart vedteke, vart det sjenerøse tilbodet helsa velkomen. Ein ønskjer likevel at andre lands FN-samband kan gje tilskot til prosjektet.

3.2 Nedrusting og internasjonal tryggleik

Arbeidet i 1. komité og røystinga følgde tradisjonelle liner. Terroråtaka 11. september sette monaleg preg på sesjonen. Komitéformannen la fram ein resolusjon om nedrusting og global nedkjemping av terrorisme, som vart vedteken med konsensus.

Utviklinga i dialogen mellom USA og Russland om fastsetjing av ei ny strategisk ramme sette preg på debatten om årets ABM-resolusjon. USA uttrykte eit visst vonbrot over at Russland valde å fremje resolusjonen på denne Generalforsamlinga òg, med tanke på den bilaterale dialogen som går føre seg. Som tidlegare og til liks med andre allierte lét Noreg vere å røyste på resolusjonen. Frankrike røysta ja året før, men lét vere å røyste denne gongen.

Fråveret av ein Ny Agenda-resolusjon (frå Brasil, Egypt, Irland, Mexico, New Zealand, Sverige og Sør-Afrika) gjorde sitt til at det vart mindre debatt om kjernevåpen enn på sesjonane i 1. komité dei tre tidlegare åra. USA røysta mot eit prosedyrevedtak om å føre opp CTBT på dagsordenen for neste Generalforsamling. Til liks med EU og Canada heldt Noreg ei røysteforklaring i samband med handsaminga av prosedyrevedtaket om CTBT, der verdien av Prøvestansavtalen vart understreka. USAs avvising før Generalforsamlinga av utkastet til ein protokoll for å styrkje etterlevingsmekanismane i konvensjonen var òg ei sterkt medverkande årsak til at årets resolusjon om Biologivåpenkonvensjonen berre vart ein rein prosedyreresolusjon.

Etter forslag frå Mexico vart det fatta eit prosedyrevedtak om ein FN-konferanse om «kjernefysiske farar». Noreg og fleire av våre allierte lét vere å røyste, fordi ein slik konferanse vil kunne avleie merksemda frå sentrale prosessar som førebuinga til neste tilsynskonferanse for Ikkje-spreiingsavtalen (NPT). Den japanske resolusjonen om kjernefysisk nedrusting var òg omdiskutert. Ny Agenda-landa varsla tidleg at dei ikkje var nøgde med det japanske resolusjonsutkastet, som vart oppfatta som ei svekking av forpliktingane frå den siste NPT-tilsynskonferansen. Resolusjonen vart likevel vedteken, og Noreg og dei europeiske NATO-landa røysta for. USA røysta mot.

Årets resolusjon om faren for kjernefysisk spreining i Midtausten var identisk med resolusjonen året før og vart denne gongen ikkje gjenstand for diskusjon. Noreg røysta som sist for resolusjonen, til liks med m.a. alle EU-land.

Iraks nye resolusjon om utarma uran vart vedteken i komiteen med svært knapp margin, men fall seinare under plenumshandsaminga. Ei stor gruppe

NAM-land med Sør-Afrika i spissen lét vere å røyste på resolusjonen. Motstanden blant vestlege land og moderate NAM-land skuldast både at ein ikkje er samd i Iraks definisjon av utarma uran som eit masseøydeleggingsvåpen, og at det finst ei rekkje studiar i regi av m.a. WHO og UNEP som konkluderer med at det ikkje kan påvisast at utarma uran har skadelege verknader på helsa.

Resolusjonen om Minekonvensjonen, som Noreg la fram saman med Nicaragua og Belgia, samla denne gongen endå fleire medframleggsstillarar enn sist, m.a. frå nokre land som enno ikkje hadde tiltredd konvensjonen. Ingen røysta mot. Røysteforklaringane blant dei landa som lét vere å røyste, fokuserte dels på eigne tryggingssbehov og kritiserte at Minekonvensjonen ikkje tek opp ansvaret til land som har lagt ut miner på territoriet til eit anna land.

I debatten om dei to handvåpenresolusjonane vart det uttrykt monaleg støtte til handlingsprogrammet frå FN-konferansen om sommaren. Begge resolusjonane vart, etter ein viss debatt, mellom anna om eventuelle finansielle forpliktingar, vedtekne utan votering.

3.3 Regionale konflikhtar

3.3.1 Afrika

Situasjonen i Den demokratiske republikken Kongo er framleis særskild vanskeleg. I 1998 braut det på ny ut borgarkrig i landet, med omfattande innblanding frå fleire naboland. Zimbabwe, Angola og Namibia støtta Kabila, medan Kabilas tidlegare støttespelarar Rwanda og Uganda var involverte på opprørarane si side. Etter ein forhandlingsprosess i regi av Den regionale samarbeidsorganisasjonen i det sørlege Afrika (SADC) og Organisasjonen for afrikansk einskap (OAU), leidd av Zambias president Chiluba, vart det underskrive ein våpenkvileavtale i Lusaka i 1999. Etter avtalen skal det haldast ein nasjonal dialog mellom representantar for styresmaktene og opposisjonen om den politiske framtida for landet. Sir Ketumile Masire, tidlegare president i Botswana, vart oppnemnd som leiar for gjennomføring av dialogen. Men denne er framleis på førebuingssstadiet.

FN-styrken MONUC vart i 2001 utplassert for å overvake buffersona mellom dei stridande partane. Våpenkvila er her stort sett etterlevd, men samtidig held kamphandlingane fram i dei austlege delane av landet. Utanlandske militære styrkar, særleg frå Zimbabwe og Rwanda, står framleis i landet. MONUC spelar ei avgrensa, men ikkje ei uvesentleg rolle. Likevel har ikkje partane så langt vist politisk vilje til å utnytte FN-engasjementet til å verkeleg fremje fredsprosessen. Utbygginga av naturressursar i DR Kongo held fram og medverkar til å forlengje konflikten.

Frå norsk side la ein som nytt medlem av Tryggingrådet i 2001 særleg vekt på den interkongolesiske dialogen og avvæpninga m.v. av dei såkalla negative styrkane som opererer i dei austlege delane av DR Kongo (som stod bak folkemordet i Rwanda i 1994). Tryggingrådet gjekk i løpet av 2001 meir og meir i denne retninga, men dette har enno ikkje ført til gjennombrøt på bakken. Frå norsk side har vi støtta den interkongolesiske dialogen økonomisk, og vi har signalisert vilje til å støtte MONUCs avvæpningsarbeid.

Ein junta under leiing av Johnny Koromah tok i 1997 makta i Sierra Leone ved eit militærkupp. Den tidlegare presidenten i landet, Ahmed Tejan Kabbah, vart innsett på ny i 1998 etter at ein regional fredstryggjande styrke tok kontrollen over hovudstaden Freetown og store delar av landet. Tryggingsrådet sette i gang observatøroperasjonen UNOMSIL, som skulle gje råd til regjeringa og vareta kontakten med ECOMOG. Styrkar med tilknytning til den tidlegare juntaen og opprørsrørsla RUF (Revolutionary United Front) heldt likevel fram kampane i den nordaustlege delen av landet. Grufulle overgrep mot sivile, til dømes lemstringar, vilkårlege drap og seksuelle overgrep, inngjekk i strategien til opprørarane. Den humanitære situasjonen for dei mange internflyktningane i opprørskontrollerte område har vore svært vanskeleg. I 1999 vart det underskrive ein fredsavtale som skipa ei overgangsregjering med opning for representasjon frå opprørsgruppene. Avtalen opnar òg for allment amnesti for opprørsleiarane og medlemmer av opprørsorganisasjonane.

I tråd med fredsavtalen vedtok Tryggingsrådet å endre observatøroperasjonen til ein omfattande fredsoperasjon (UNAMSIL) som skulle hjelpe regjeringa med å opprette eit sivilt styre i RUF-kontrollerte område. UNAMSIL har i januar 2002 omlag 17 500 soldatar. Dette er den største FN-styrken i dag, og med atterhald om at det kan kome tilbakeslag, kan UNAMSIL sjåast på som ein vellukka operasjon. I løpet av 2001 utplasserte styrken soldatar i alle regionar, m.a. i dei diamantrike områda i nordaust, der RUF har stått sterkast. Kriegen vart erklært over i januar 2002 da avvæpninga av RUF og andre opprørsgrupper vart ferdig. Val er planlagt gjennomført i mai 2002. Noreg er med i UNAMSIL med tre sivile polititenestemenn, og tok elles, som medlem av Tryggingsrådet, aktivt del i Rådet si handsaming av saker knytte til UNAMSIL. Noreg vektlegg i høve til Sierra Leone ein brei innfallsvinkel, som inneber at spørsmål som tryggleik, utvikling, menneskerettar osv. må sjåast i samanheng. I tillegg til valet er rehabilitering av avvæpna soldatar den største utfordringa i Sierra Leone framover. Noreg har gjeve omlag 15 millionar kroner til fondet for dette formålet, men det viktige arbeidet er alvorleg underfinansiert.

Tryggingsrådet vedtok i 2000 å opprette ein særdomstol for Sierra Leone for å medverke til nasjonal forsoning gjennom straffeforfølgning av dei som er ansvarlege for krenkingar av internasjonal humanitær rett. Avtalen mellom FN og regjeringa i Sierra Leone om domstolen vart underskriven i januar 2002, og ein vonar å kome fort i gang med etterforskningsarbeidet. Noreg har gjeve eit tilskot på om lag fem millionar kroner til det første driftsåret.

Dei regionale implikasjonane av konflikten i Sierra Leone har gjeve grunn til alvorleg uro. Liberia har spela ei sentral rolle i høve til konflikten i Sierra Leone gjennom støtte til RUF. Difor vedtok Tryggingsrådet i 2001 sanksjonar mot landet for å få landet til å slutte med å forsyne RUF med våpen og tillate smugling av diamantar frå Sierra Leone for å hindre at RUF får tilgang til inntekter frå diamanthandel. Noreg røysta for sanksjonane og arbeider aktivt i Rådet for å betre gjennomføringa av dei. Sanksjonane kan framhevast som ei av årsakene til den positive utviklinga i Sierra Leone.

I 1998 oppstod ein stadig meir spent situasjon i tilhøvet mellom Etiopia og Eritrea. Motsetningane mellom dei to landa har ei rekkje årsaker og kom til uttrykk som ein territorial konflikt. Etter to års skyttargravskrig vart det

underskrive ein fredsavtale i Alger i desember 2000. Gjennom fredsavtalen, som kom i stand under leiding av OAU med støtte frå FN og USA, forplikta partane seg til å trekkje tilbake alle troppar, utveksle krigsfangar og politiske fangar og løyse problema knytte til grenseoppgang på fredeleg vis. FN's generalsekretær har omtala avtalen som ein siger for freden mellom dei to landa og eit viktig steg for det afrikanske kontinentet. Våpenkvila har vore etterlevd under overvaking av FN-styrken UNMEE.

Noreg samla Tryggingrådet i februar 2001 om oppfølginga av fredsavtalen etter at det hadde stått handlingslamma i to månader på grunn av usemje i spørsmålet om ei eventuell oppheving av våpenembargoen mot dei to landa. Noreg medverka i sterk grad til at Rådet unngikk å heve embargoen på det vi meinte var eit sensitivt og for tidleg tidspunkt (embargoen gjekk ut automatisk 17. mai 2001 og vart ikkje fornya). På bakgrunn av dette og det allmenne engasjementet vårt i Etiopia og Eritrea overtok ein på norsk side i august 2001 leiaransvaret for Tryggingrådet sitt arbeid omkring fredsprosessen mellom dei to landa. I det vidare arbeidet med gjennomføringa av fredsprosessen vil spørsmål knytte til fastsetjing av grensa, minerydding, tillitsskapande tiltak, forsoning, atterreisning og utvikling stå sentralt.

Fredsprosessen i Angola stoppa opp då motstandsørsla UNITA nekta å akseptere nederlaget i dei første frie vala i landet i 1992. Ein ny fredsprotokoll, som vart inngått i Lusaka i 1994, utgjorde grunnlaget for ein fredsprosess under nærvere av den fredstryggjande FN-operasjonen UNAVEM, som i 1997 vart skifta ut med observatørstyrken MONUA. Noreg deltok med militærobserverarar i begge desse operasjonane. I 1998 vart det skipa ei samlingsregjering med medlemmer frå UNITA og MPLA. I strid med Lusaka-protokollen nekta UNITA-leiaren Jonas Savimbi å overlate kontrollen over strategisk viktige område til samlingsregjeringa. Han heldt også fram med å ha monaleg større militær kapasitet enn det som hadde vorte opplyst til FN's demobiliseringsprogram. Situasjonen utvikla seg på nytt til ein regulær borgarkrig, og det vart umogeleg for MONUA å halde fram med aktivitetane sine. I 1999 vart det difor vedteke å fase ut operasjonen, og det vart oppretta eit nytt FN-kontor (UNOA) med eit mandat som mellom anna omfattar opplæring i menneskerettar. Tilhøvet mellom regjeringa og FN har til dels vore prega av mistru, men effektivisering av sanksjonane mot UNITA har vore med på å gjere tilhøvet betre. Ei ekspertgruppe har konkludert med at sanksjonane mot UNITA har svekt organisasjonen si evne til å føre krig, men sanksjonane kan likevel effektiviserast endå meir. I Rådet arbeider Noreg aktivt for å oppnå dette. Regjeringa har hatt militær framgang, men UNITA held fram som ei geriljarørsla og viste fleire gonger i 2001 at rørsle kan gå til alvorlege åtak på sivile mål. Noreg har i Rådet arbeidd for at tilhøva må leggjast til rette for ein dialog mellom partane, sidan konflikten ikkje kan løysast militært. I januar 2002 knyter det seg visse voner til at FN's spesialrådgevar for Afrika, i samarbeid med representantar for kyrkjer og andre sivile organisasjonar, kan få i stand ein dialog mellom regjeringa og UNITA. Den humanitære situasjonen i Angola er ei konstant kjelde til alvorleg uro.

FN trekte seg ut av Somalia i 1995, og utviklinga i landet har sidan vorte følgd gjennom eit politisk kontor i Nairobi. Arbeidet med sikte på ei politisk løysing har i første rekkje gått føre seg i regional regi, med IGAD, OAU,

Egypt, Etiopia og Djibouti som sentrale aktørar. Den politiske utviklinga i Somalia har vore prega av regionalisering og vedvarande mangel på sentral styring. Etter stor innsats frå Djibouti vart det hausten 2000 etablert både eit overgangsparlament og ei overgangsregjering. Denne opererer med sete i hovudstaden Mogadishu, men har i liten grad lukkast å oppnå territoriell kontroll eller lov og orden i landet. Somme klanar og grupper står etter eige ønske framleis utanfor prosessen. Tryggingrådet gav ved årsskiftet uttrykk for støtte til overgangsregjeringa og arbeidde for å leggje til rette for demokratiske val i Somalia i 2003. Grupper som har stått utanfor, vart oppmoda til å slutte seg til fredsprosessen. Det internasjonale samfunnet vart oppmoda til å støtte landet i det omfattande arbeidet ein står overfor, mellom anna med omsyn til atterreisning av infrastruktur, samtidig som det vart uttrykt uro for tryggleiken i landet. Rådet støtta vidare Generalsekretæren sitt framlegg om å starte ein prosess for eit meir aktivt FN-engasjement med omsyn til fredsprosessen i Somalia. Vedtaket i januar 2001, som vart gjort av Rådet under norsk leiarskap, legg opp til at planlegginga av eit fredsbyggjande FN-nærvere i landet no vert sett i gang. Dette arbeidet stoppa seinare opp på grunn av den vanskelege tryggingssituasjonen i Mogadishu.

I oktober 2001 vedtok Tryggingrådet under norsk leiarskap at FN vil gjere ei omfattande vurdering av tryggingssituasjonen i Somalia. Dette vil vere den første slike vurderinga på over 6 år. Etter hendingane i 1993, der USA miste 18 soldatar, har ein frå amerikansk side vore svært nølande til eit for sterkt internasjonalt tryggingsspolitisk engasjement i høve til Somalia. Dette gav seg òg uttrykk i forhandlingane om presidentfråsegna. Etter omfattande forhandlingar, som vart leidde av Noreg, vart det semje i Tryggingrådet om at det trongst ei meir aktiv rolle frå FN's side. FN-sekretariatet vil dermed m.a. trappe opp meklingsinnsatsen i konflikten og utarbeide framlegg om demobilisering av militsen osv. Frå somalisk side mottok Noreg takk for å ha medverka til at Somalia no vert realitetshandsama i FN for første gong sidan FN trekte seg ut av landet. Situasjonen i Somalia vil verte handsama vidare i Tryggingrådet under norsk leiing i mars 2002.

Det har vore borgarkrigsliknande tilstandar i Burundi sidan 1993/94 med mykje bruk av vald og med medfølgjande menneskeleg lidning. Freistnadene på å løyse konflikten har gått føre seg under leiing først av tidlegare president i Tanzania, Julius Nyerere, så av tidlegare president i Sør-Afrika, Nelson Mandela. Mandela lukkast hausten 2000 med å få dei fleste av dei stridande partane til å underskrive Arusha-avtalen. Pådrivarrolla hans for å fremje Arusha-avtalen kulminerte i november 2001 med innsetjinga av ei overgangsregjering på breitt grunnlag i Bujumbura. Tryggingrådet gav gjennom året støtteerklæringar til Mandelas innsats. Noreg signaliserte økonomisk støtte til den sørafrikanske vernestyrken som vart etablert for at eksilleiarar skulle kunne vende heim att til Bujumbura. Ein har likevel framleis ikkje lukkast å få til ei våpenkvile eller reelle forhandlingar med dei opprørsgruppene som står utanfor Arusha-avtalen, og det er framleis valdshandlingar i landet. FN's og Tryggingrådets rolle vil stå meir sentralt i 2002 etter at Mandela har trekt seg attende.

Den sentralafrikanske republikken (SAR) vart i 1996 råka av omfattande sosial uro og væpna samanstøytar som vart utløyste av eit opprør i dei væpna

styrkane i landet. Det fransk-afrikanske toppmøtet vedtok i 1997 å skipe ein interafrikansk fredstryggjande styrke (MISAB) for å overvake gjennomføringa av ei fredsløysing. Same året vedtok Tryggingrådet eit mandat for ein styrke (MINURCA) som mellom anna omfatta hjelp til valførebuing. Parlaments- og presidentval vart gjennomførde på ein tilfredsstillande måte i høvesvis 1998 og 1999. Fredsstyrken vart i februar 2000 avløyst av eit fredsbyggingsskontor (BONUCA) som vart etablert etter avtale mellom Generalsekretæren i FN og regjeringa i SAR. Hovudoppgåva til kontoret er å støtte regjeringa i arbeidet med å tryggje fred og nasjonal forsoning og å styrkje demokratiske institusjonar. Situasjonen i landet er enno svært vanskeleg på grunn av m.a. den økonomiske situasjonen, som vart ytterligare forverra med eit kuppforsøk i mai 2001. Tryggingrådet har oppmoda det internasjonale samfunnet, medrekna Bretton Woods-institusjonane, til å medverke til den økonomiske atterreisinga av landet. Tryggingrådet vedtok i september å styrkje FN-kontoret BONUCA.

Vest-Sahara-spørsmålet vart lagt fram for Tryggingrådet i 1975 i samband med påstandar om at Marokko prøvde å innlemme delar av området (tidlegare Spansk Sahara) i sitt eige territorium. I 1991 vedtok Tryggingrådet å setje i gang ein FN-operasjon for å få gjennomført ei folkerøysting om den framtidige statusen til området (MINURSO). Den tidlegare amerikanske utanriksministeren James Baker vart i april 1997 utnemnd som Generalsekretæren sin personlege representant, og han leidde prosessen med å identifisere kven som skulle ha røysterett i ei slik folkerøysting (identifikasjonsprosessen). Men dette arbeidet har vist seg å vere svært vanskeleg. Baker la i juni 2001 fram ein plan for ei alternativ løysing på konflikten, men rørsle POLISARIO og Algerie har ikkje villa forhandle om anna enn Fredsplanen frå 1991. I januar 2002 er det ingen utsikter til ei rask løysing på konflikten. Det kan venteleg ta lang tid før det kan haldast ei folkerøysting i Vest-Sahara. Noreg deltok i MINURSO med to polititenestemenn og var aktivt med i Tryggingrådet si handsaming av saka.

Tryggingrådet vedtok i 1992 sanksjonar mot Libya, og grunngevinga var i hovudsak at landet hadde nekta å utlevere dei to mistenkte etter Lockerbie-ulukka i 1989. Libya si grunngeving for å motsetje seg utlevering var mellom anna at dei mistenkte ikkje kunne rekne med å få ein uhilda rettargang i Storbritannia. Libya mobiliserte over tid stadig breiare støtte for at sanksjonane burde opphevast. Representantar for FN søkte å kome kritikken mot sanksjonane i møte ved å gå gjennom verknadene av sanksjonane for sivilfolk. Konklusjonane på denne analysen gav ikkje noko eintydig svar. I ein freistnad på å få ny framdrift i saka lanserte Storbritannia og USA i 1998 eit framlegg til løysing som innebar at sanksjonane ville verte suspenderte dersom dei to mistenkte vart framstilte for retten i Nederland. Ein føresetnad var likevel at retten var sett med skotske dommarar, og at skotsk rett vart nytta, ettersom Lockerbie-ulukka stadleg sett høyrer inn under skotsk jurisdiksjon. Tryggingrådet slutta seg til framlegget, som vart sett på som ei monaleg innrømming overfor Libya frå britisk og amerikansk side. Då dei to mistenkte vart utleverte i 1999, vart sanksjonane suspenderte, og Tryggingrådet rosa Libya sine freistnader på å etterleve føresegnene i tryggingrådsresolusjonen. I 2001 vart ein av dei tiltala dømd medan den andre vart frikjend. Vidare diskusjon i Try-

ggingsrådet om ei permanent oppheving av sanksjonane vil ventelig tidlegast skje etter at ankesaka for den dømde er avslutta.

3.3.2 Midtausten

Under denne Generalforsamlinga òg var handsaminga av Midtaustenspørsmålet prega av konfrontasjonar og polarisering. Den svært vanskelege politiske og humanitære situasjonen i regionen la grunnlaget for harde og uforsonlege utspel frå begge sider i konflikten. Handsaminga var vidare prega av den internasjonale kampen mot terrorisme. Resolusjonane i Generalforsamlinga var i stor grad uendra frå tidlegare år.

Noreg opprettheldt røystemønsteret sitt frå tidlegare år under røystingane i Generalforsamlinga, bortsett frå i tilfellet med resolusjonen om ei fredeleg løysing på Palestina-spørsmålet, der Noreg valde å la vere å røyste til liks med ei rekkje andre land som Danmark, Tyskland, Nederland, Storbritannia, Canada, Australia og mange austuropeiske land. Noreg grunn gav dette med at resolusjonen ikkje var tilstrekkeleg balansert, og at ønsket om å verne sivile mot valdelege aksjonar både i Israel og i det palestinske området ikkje var nedfelt i teksta på ein tilfredsstillande måte.

På bakgrunn av den spente situasjonen i regionen og at Tryggingrådet nokre dagar tidlegare ikkje hadde lukkast med å vedta ein resolusjon om situasjonen i Midtausten, vart det kalla inn til ein spesialsesjon i Generalforsamlinga. To resolusjonar vart lagde fram til røysting. Resolusjonen som ikkje hadde vorte vedteken i Tryggingrådet, vart vedteken. 124 land røysta for, 25 lét vere å røyste og 6 røysta mot. Noreg valde å la vere å røyste, slik vi hadde gjort då resolusjonen var til handsaming i Tryggingrådet. Storbritannia, Australia, Canada, Japan, dei baltiske landa, ei rekkje austuropeiske land m.fl. røysta heller ikkje. USA og Israel røysta mot. Under røystinga på resolusjonen om den 4. Genève-konvensjonen røysta Noreg for, m.a. saman med eit samla EU. Fire land røysta mot og 16 lét vere å røyste.

Heller ikkje under denne Generalforsamlinga var det mogeleg å leggje fram den såkalla «positive» resolusjonen. Denne resolusjonen har vore eit uttrykk for verdssamfunnet si støtte til fredsprosessen i Midtausten og vart vedteken i åra 1993-1996 etter å ha vorte framlagd av Noreg, Russland og USA. I lys av valdsbølgja i det palestinske området, den negative utviklinga i fredsprosessen og den uforsonlege tonen mellom partane i FN, valde Noreg, Russland og USA å ikkje leggje fram resolusjonen under Generalforsamlinga.

Mandatet til FN's fredstryggjande styrkar i Libanon, UNIFIL, er å verifisere tilbaketrekking frå Sør-Libanon av dei israelske styrkane, sørge for internasjonal fred og tryggleik og hjelpe libanesiske styresmakter med å sikre autoriteten deira i området. Det er framleis semje om at UNIFILs nærvere utgjer eit stabiliserande element, sjølv om Israel trekte seg ut av Sør-Libanon våren 2000. På bakgrunn av dei endra tilhøva etter at Israel trekte seg tilbake, har Tryggingrådet gjeve tilslutnad, etter tilråding frå Generalsekretæren, til mellom anna å redusere styrken til 3 600 personar i løpet av 2001 og tentativt til 2000 personar i løpet av 2002.

FN's observatørstyrke på Golanhøgden, UNDOF, vart oppretta i 1974 for å overvake våpenkvila mellom Syria og Israel. Styrken er på i overkant av 1000 personar. Noreg deltek ikkje i denne styrken. Observatørgruppa UNTSO vart

oppretta i 1948 for å overvake våpenkvila mellom Israel og nabostatane. Med unntak av eit symbolsk nærvere i Sinai er observatørane taktisk underordna UNIFIL eller UNDOF. UNTSO, der Noreg deltek, omfattar 152 militære observatørar, og 12 av desse er nordmenn.

3.3.3 Mellom-Amerika og Karibia

Fredsprosessen i *Guatemala* førte i 1996 til ein endeleg fredsavtale. FN's operasjon i Guatemala, MINUGUA, har spela ei vesentleg rolle i fredsprosessen i landet og når det gjeld gjennomføringa av fredsavtaleverket. Noreg var under den 56. generalforsamlinga, som på tidlegare generalforsamlingar, medframleggsstillar på resolusjonen om forlenging av MINUGUAs mandat t.o.m. 31.12.2002.

3.3.4 Europa

FN's operasjonar på *Balkan* vart stilt overfor ein ny regional situasjon som følgje av den demokratiske omveltninga i Jugoslavia (FRJ) og overgangen til eit demokratisk regime også i Kroatia i 2000. Det skapte nye høve for å løyse tvisten mellom FRJ og Kroatia om grensa over *Prevlaka-halvøya*, der ein FN-operasjon (UNMOP) har vore utplassert sidan 1992. Tryggingrådet forlengde i januar 2002 mandatet til UNMOP fram til juli 2002 og oppmoda partane til å finne ei løysing snart.

Generalforsamlinga si handsaming av situasjonen i *Bosnia-Hercegovina* speglar òg dei positive endringane i den politiske situasjonen i regionen og dei høva som ligg føre når det gjeld sambanda mellom nabolanda og Bosnia-Hercegovina, gjennomføring av Dayton-fredsavtalen og mandatet til FN-operasjonen UNMIBH, som held fram å spele ei viktig rolle, mellom anna i arbeidet med reform av politistyrkane og heimsending av flyktningar, i samarbeid med NATO-styrken, OSSE, EU og andre.

Den mellombelse FN-administrasjonen i *Kosovo* (UNMIK) vart oppretta av Tryggingrådet (res. 1244) i juni 1999 og er ein av dei mest omfattande FN-operasjonane som er i gang. Frå 2002 vart UNMIK leidd av Michael Steiner frå Tyskland, som overtek etter Hans Hækkerup. Prioriterte oppgåver, etter vala til provinsforsamling i november 2001, er etablering av sjølvstyreorgan, styrking av lov og orden, vern av den serbiske minoriteten og andre minoritetar i Kosovo og styrking av samarbeidet med styresmaktene i Beograd. Den NATO-leidde KFOR-styrken sørgjer for stabilitet og tryggleik for verksemda til FN, OSSE og andre internasjonale samarbeidsorganisasjonar som er aktive i Kosovo.

FN's fredstryggjande operasjon på *Kypros* - UNFICYP - vart oppretta i 1964 for å dempe ein aukande valdsspiral mellom den gresk-kypriotiske folkegruppa og den tyrkisk-kypriotiske folkegruppa på Kypros og har sidan vorte regelmessig forlengd av Tryggingrådet kvar sjetten månad. Tryggingrådet forlengde i desember 2001 UNFICYP-mandatet fram til juni 2002. Generalsekretæren sin personlege representant, Alvaro de Soto, held fram med meklingsarbeidet sitt. Det vart gjennomført fleire FN-leidde samtalar mellom representantar for partane. Sidan desember 2001 har det vore ei positiv utvikling, der leiarane for folkegruppene har teke opp att samtalanene, etter ei tid med stillstand i fredsprosessen.

3.3.5 Kaukasus

FNs engasjement i konfliktane i *Kaukasus-området* har omfatta samarbeid med og støtte til fredsforlikningane i regi av dei relevante regionale fora, dvs. OSSE og Samveldet av uavhengige statar (SUS), og iverksetjing av fredstryggjande operasjonar i form av observatørar. Russland har engasjert seg aktivt i konflikthandlingane og søker aksept for at dei har ei særleg rolle å spele i områda.

Konflikten i *Abkhasia i Nord-Georgiabraut* ut sommaren 1992 då lokale abkhasiske leiingar freista å lausrive regionen frå Georgia. Tryggingrådet vedtok i desember 1993 å utplassere eit sendelag av militære observatørar (UNOMIG). Mandatet vart sommaren 1994 utvida til å omfatte overvaking av dei fredstryggjande (russiske) SUS-styrkane i Georgia, som vart utplasserte etter oppmoding frå partane. Tryggingrådet vedtok i oktober 1996 å skipe eit felles FN/OSSE-senter for menneskerettar i Sukhumi i Abkhasia som ein del av UNOMIG. FN's generalsekretær sin spesialutsending har søkt å få partane med på ei løysing om Abkhasias politiske status innanfor Georgias grensar. President Sjvardnadse har tilbode provinsen føderal status, men abkhasiske leiingar insisterer på ein union av sjølvstendige statar. Tryggingrådet forlengde i januar 2002 mandatet til UNOMIG til juli 2002.

Gjennom den såkalla Minsk-gruppa og medformennene i gruppa (USA, Frankrike og Russland) har OSSE sidan 1992 arbeidd med sikte på å få i stand ei fredsløysing i konflikten om den armensk-folkesette *Nagorno-Karabakh-enklaven* i Aserbajdsjan. Generalsekretæren konstaterte i 1992 at FN ikkje kan ta på seg ein meklarfunksjon så lenge Minsk-gruppa held på med fredsforlikningane sine.

Resolusjonen om *samarbeidet mellom FN og OSSE* oppnådde ikkje konsensus under den 56. generalforsamlinga heller. Som i tidlegare år la Aserbajdsjan fram eit endringsframlegg, der det vart presisert at Nagorno-Karabakh utgjer ein del av Aserbajdsjan. Noreg avstod på endringsframlegget, saman med EU-landa, Russland og USA, som vart vedteke med røystetala 34-1-85. Heile resolusjonen vart vedteken med røystetala 123-0-4 (Armenia, Belarus, Tanzania og Sør-Afrika røysta ikkje). Noreg var som i tidlegare år medframleggsstillar på resolusjonen.

3.3.6 Afghanistan

Situasjonen i *Afghanistan* vart, saman med kampen mot terrorisme, ei hovudsak for FN under den 56. generalforsamlinga, på bakgrunn av dei dramatiske endringane i situasjonen i landet. Då det var openbert at Usama bin Laden og al-Qaida-nettverket hans stod bak terroraksjonane i USA 11. september 2001, gav den USA-leidde antiterrorismekoalisjonen Taliban-regimet eit siste høve til straks å rette seg etter Tryggingrådet's resolusjonar, som mellom anna krev stans i støtta til terrorisme og utlevering av bin Laden. Taliban-regimet og leiaren for regimet, mullah Omar, som sidan 1999 hadde fått målretta FN-sanksjonar mot seg på grunn av manglande vilje til å oppfylle krav frå Tryggingrådet, nekta enno ein gong å stanse støtta til terroristnettverket til bin Laden. Dermed sette USA og koalisjonspartnarane i verk sjølvforsvarstiltak etter artikkel 51 i FN-pakta og med støtte i Tryggingrådet's resolusjon 1368 (2001).

Militæraksjonane førte til at Taliban-regimet og den undertrykkjande politikken til regimet, ikkje minst mot kvinner, vart fjerna og erstatta av ein demokratisk orientert overgangsadministrasjon under leiing av Hamid Karzai. Denne administrasjonen har bunde seg fullt ut til å kjempe mot terrorisme og restane av al-Qaida-nettverket, vareta folket sine grunnleggjande rettar, og arbeide for langsiktig fred og utvikling i Afghanistan, i samarbeid med - og med støtte frå - det internasjonale samfunnet. Under FN's spesialrepresentant Lakhdar Brahimi's leiing inngjekk ulike afghanske grupper den historiske Bonn-avtalen 5. desember 2001, som gjev FN ei sentral rolle i arbeidet for å stabilisere og rehabiliterer Afghanistan. Ein sivil FN-operasjon til støtte for overgangsregjeringa er etablert, saman med ein multinasjonal, britiskeleidd militær styrke (ISAF) som hjelper administrasjonen i Kabul med å skape tryggleik.

Noreg deltek med militært personell både i ISAF-styrken og i dei amerikanskeleiddde operasjonane for å fjerne al-Qaida-nettverket frå Afghanistan og har ei profilert rolle som tryggingrådsmedlem og formann i gjevarlanda si støttegruppe for Afghanistan, Afghanistan Support Group (ASG). I tillegg til å vere fokusert på det langsiktige atterreisingsarbeidet vil Noregs arbeid både i ASG og Tryggingrådet framleis vere fokusert på å avhjelpe den humanitære krisa, som det er venta vil halde fram i overskodeleg framtid trass i monalege forbetringar i kjølvatnet av Talibans fall.

Generalforsamlinga vedtok samrøystes ein resolusjon, med Noreg og rekordmange land som medframleggsstillarar, som til skilnad frå tidlegare år var fokusert på dei positive utviklingstrekk og på framtidige forventingar og behov for hjelp til dei nye styresmaktene i Kabul for å sikre ei fredeleg utvikling og ivaretaking av humanitære behov og menneskerettar, m.a. kvinneverrettar.

3.3.7 Søraust-Asia

Då Indonesia fekk sjølvstendet sitt frå Nederland i 1954, var *Aust-Timor* framleis ein portugisisk koloni. Portugal starta i 1974 ein avkoloniseringsprosess for alle koloniane sine. I 1975 - etter ein kort borgarkrig - vart Aust-Timor erklært som sjølvstendig. Indonesia intervenerte militært og innlemma Aust-Timor i Indonesia året etter. Tildelinga av Nobels fredspris for 1996 til biskop Belo og Jose Ramos-Horta sette nytt fokus på konflikten. President Suhartos avgang i mai 1998 og president Habibie sitt utspel om særstatus for Aust-Timor medverka vidare til utviklinga mot sjølvstende for Aust-Timor. FN, Portugal og Indonesia inngjekk i 1999 ein avtale om folkerøysting om Aust-Timors status. Røystinga vart gjennomført med hjelp frå FN (UNAMET) og gav eit ja til sjølvstende. Valet vart følgd av omfattande valdsbruk mot sivilfolket frå motstandarar av sjølvstende, m.a. indonesiske troppar og milits, og ein stor del av folket flykta til fjellområda og til Vest-Timor. Tryggingrådet vedtok å godkjenne ein internasjonal tryggingstyrke (INTERFET), leidd av Australia. INTERFET's oppgåve vart seinare teken over av den militære delen av FN's overgangsadministrasjon for Aust-Timor (UNTAET) som vart skipa hausten 1999.

Tryggingssituasjonen på Aust-Timor var relativt bra i 2001. Det var noko spenning i grenseområda mot Vest-Timor fordi det framleis var militsgrupper der, men alt i alt vart tilhøva betre der òg i løpet av året. I alt 17 900 flyktingar vende attende til Aust-Timor. Ved utgangen av året bur ca. 60 000 enno i leirar

i Vest-Timor. Dei som ikkje ønskjer å vende attende, har fått tilbod om integrering i Indonesia.

Den 20. august vart det valt ei grunnlovgevande forsamling, som ein ventar vil leggje fram eit utkast til grunnlov våren 2002. Etter valet vart det òg innsett ei fullstendig austtimoresisk overgangsregjering, som førebur ei erklæring om sjølvstende for Aust-Timor 20. mai 2002. Fram til då er det leiaren for UNTAET, Sergio Viera dei Mello, som framleis har den øvste mynda.

UNTAET er på mange måtar ein spesiell operasjon i FN-samanheng. Gjennom faktisk administrasjon av territoriet og total oppbygging av både dei militære styrkane og den sivile administrasjonen i landet vert det arbeidd med å førebu sjølvstendet til den nye nasjonen. Trass i store utfordringar er det i løpet av 2001 gjort store framsteg innan kapasitetsbygging og institusjonsutvikling på område som forsvar, politi, rettsstell og finansforvaltning. I dagens situasjon ligg UNTAET an til å verte litt av ein suksess i FN-samanheng.

Etter sjølvstendet i mai 2002 vil det venteleg verta oppretta ein operasjon til å følgje opp UNTAET, og denne òg vil ha mandat frå Tryggingrådet. Aust-Timor vil trenge støtte frå det internasjonale samfunnet i mange år framover. Noreg har gjeve monalege økonomiske tilskot og stilt personell til disposisjon for FN og andre organisasjonar i Aust-Timor.

3.4 Fredstryggjande operasjonar

Talet på militært personell knytt til FN's fredstryggjande operasjonar var midt på 1990-talet oppe i ca. 80 000. Per 31. desember 2001 var talet ca. 37 000, ein auke på ca. 7 000 frå 2000. Sivilt politi talde på same tidspunkt ca. 7 600, ein nedgang på ca. 200 frå 2000. Noreg deltok ikkje i 2001 med regulære militære avdelingar i FN-leidde fredstryggjande operasjonar, men berre med einskildpersonar som militære observatørar, stabspersonell og politi. Noreg deltek likevel sterkt i dei FN-godkjende, men NATO-leidde, fredsoperasjonane på Balkan.

Noreg deltok per 31. desember 2001 i ni av FN's 15 fredstryggjande operasjonar, med 30 militære offiserar og 48 polititenestemenn. Om lag ein prosent av den norske politistyrken er utplassert i internasjonale fredsoperasjonar. Dei samla utgiftene til FN's fredstryggjande operasjonar for 2001 er kostnadsrekna til om lag USD 2,7 mrd., ein auke på ca. USD 700 millionar frå 2000.

Konfliktane i dag har i stor grad desse kjenneteikna: Dei er interne, dei omfattar fleire krigførande partar, dei har sterke regionale forgreiningar, dei vert i stor grad finansierte med ulovleg utnytting av naturressursar og dei fører til enorme lidningar for sivilfolket. Dette medfører eit behov for multifunksjonelle fredsoperasjonar med mellom anna stor humanitær innsats og dermed behov for styrkt planlegging og samordning. Operasjonane krev òg innsats innanfor avvæpning, demobilisering og reintegrering. Noreg har etter oppmoding frå FN og saman med Canada og Sverige utarbeidd eit utdanningssprogram for dette høvet. Dei tre landa har halde slike kurs for FN over heile verda.

Andre spørsmål som står høgt på dagsordenen, er FN sitt tilhøve til partane i konflikten og eventuell bruk av makt, FN's kapasitet til rask reaksjon og tilhøvet mellom Tryggingrådet, sekretariatet og dei troppebidragsytande

landa. Den sistnemnde problemstillinga er sett på dagsordenen av viktige troppebidragsytarar. Desse meiner at land som tek den politiske og menneskelege risikoen med å stille soldatar til FN's teneste, bør få dette godskrive i form av større gjennomslagskraft overfor Tryggingrådet i avgjerdsprosessen og overfor sekretariatet i planlegginga.

Etter påtrykk frå Generalforsamlinga og ein lengre intern debatt vedtok Tryggingrådet i desember 2001 å etablere ei arbeidsgruppe som skal sjå på moglege betringar i samarbeidet med troppebidragsytarane. Noreg er i 2002 leiari for denne arbeidsgruppa.

FN-sekretariatet sitt arbeid med å skipe vernebuingsssystemet UN Standby Arrangements System (UNSAS) førte til at dei nye medlemmene, Canada, Armenia og Kviterussland, underskreiv eit omsamd memorandum om dette i 2001. Det vert framleis arbeidd for at Noreg skal underskrive memorandumet med FN og derigjennom melde inn både militære styrkar og sivilt politi til UNSAS. Dersom FN ønskjer det, kan Noreg òg melde inn dei omfattande sivile vernebuingsystema vi har bygd opp på ulike humanitære og demokratifremjande område.

Sivilt politi-komponenten vert tillagt aukande verdi i fredstryggjande operasjonar. I særskilde høve har ein dei seinare åra sett operasjonar der FN-politiet har utøvande politimynd. Dette gjeld i første rekkje operasjonane i Kosovo og på Aust-Timor. Desse operasjonane har òg avdekt behov for ein nøyre samordna innsats av politi, rettsstell og fengselsstell. Dette understrekar kor mangearta fredsoperasjonane er. I tillegg driv FN's sivile politi oppbygging av kapasiteten til nasjonale politistyrkar og overvaking i samband med gjennomføring av val.

Brahimi-rapporten

FN's generalsekretær, Kofi Annan, nedsette i mars 2000 eit panel til å kome med eit framlegg til korleis FN kan forbetre planlegginga og gjennomføringa av fredsoperasjonar. Panelet la fram rapporten sin i august 2000. Panelet vart leidd av ambassadør og tidlegare utanriksminister i Algerie Lakhdar Brahimi og var elles sett saman av sivile og militære ekspertar frå USA, Storbritannia, Tyskland, Japan, Russland, Sveits, New Zealand, Trinidad og Tobago, og Zimbabwe.

Brahimi-rapporten var eit sentralt tema i FN hausten 2000. Under den 56. generalforsamlinga heldt dette arbeidet fram og vart delvis slutført. Sjølv om ikkje alle tilrådingane frå Brahimi vart tekne til følge, er det likevel klart at arbeidet som panelet har gjort, har medført ei gjennomgripande reform av den delen av FN som driv fredstryggjande verksemd. Brahimi sitt hovudmål har vore å skape ein fleksibel og effektiv organisasjon med kapasitet til å skape berekraftig fred. Nøkkelord i denne prosessen er ei styrking av sekretariatet med omsyn til talet på stillingar, betre militær planlegging (klare eintydige mandat og militære styrkar i høve til utfordring), vekt på integrert planlegging (som speglar at moderne fredsoperasjonar er samansette av både sivile og militære komponentar) og fleire ressursar til preventive tiltak og fredsbyggjande aktivitetar.

3.5 Økonomiske og sosiale saker

3.5.1 Økonomi- og utviklingsspørsmål

Handsaminga i Generalforsamlinga av økonomiske og sosiale spørsmål følgde eit noko uvanleg mønster under den 56. generalforsamlinga. Dette skuldast dels omleggingane i arbeidsprogrammet som følgje av terroråtaka på USA 11. september, og dels at ein i lys av førebuingsprosessane til dei to store FN-konferansane «Finansiering for utvikling» (Monterrey, 18.-22. mars 2002) og «Verdstoppmøtet for berekraftig utvikling» (Johannesburg, 26. august - 4. september 2002) hadde vorte samde om å ikkje substansforhandle dagsordenspunktane om makroøkonomiske spørsmål som handel og utvikling, globalisering, gjeldslette og den internasjonale finansielle arkitekturen på den 56. generalforsamlinga.

Under den tredje FN-konferansen om minst utvikla land i Brussel i mai 2001 vart det lagt opp til å opprette ein oppfølgingsmekanisme på høgt nivå i FN-systemet for å auke merksemda om handlingsprogrammet for dei minst utvikla landa. Generalsekretæren vart beden om å føreslå detaljane i denne ordninga til den 56. generalforsamlinga. På grunnlag av framlegget frå Generalsekretæren vart det vedteke å opprette ei stilling som visegeneralsekretær for minst utvikla land, små øystatar og kystlause statar. Kontoret vil vere plassert i New York. Stillingane ved kontoret skal fyllast med alt eksisterande personale i UNCTAD og ved utlånt personale frå andre FN-institusjonar.

Det vanskelegaste punktet i årets resolusjon om fattigdomsnedkjemping var Tunisias framlegg om å opprette eit internasjonalt solidaritetsfond for fattigdomsnedkjemping. Frå EU og Noreg si side meinte ein eit slikt fond ville tilføre FN-systemet lite nytt, særleg i ein situasjon der UNDPs ressursar minkar, og der ein søkjer å samle ressursane om færre, sentrale forvaltingsfond, medrekna eitt som er retta mot fattigdomsnedkjemping. Fleire andre land hadde liknande innvendingar mot framlegget. Ein vart til slutt samde om å be Generalsekretæren utarbeide ein rapport til den 57. generalforsamlinga om reglar for ei eventuell oppretting av eit internasjonalt solidaritetsfond for fattigdomsnedkjemping. Det er uttrykkeleg nemnt at ein må unngå overlapping med FN's eksisterande fond. I dei andre delane av resolusjonen var hovudfokus retta mot å unngå duplisering av forhandlingane under Konferansen om finansiering av utvikling. Teksta inneheld òg ein paragraf som klart understrekar samanhengen mellom fattigdomsnedkjemping og respekt for menneskerettar, demokratiske prinsipp, og lov og rett. Særleg EU, Noreg og Canada la vekt på å få inn denne paragrafen.

3.5.2 Samordning av FN's hjelpeverksemd

Resolusjonen om samordning av FN's hjelpeverksemd vert forhandla kvart tredje år. Dei nordiske landa hadde i framkant av handsaminga i Generalforsamlinga gjennomført ei evaluering av korleis samordninga av FN's hjelpearbeid fungerer i utvalde samarbeidsland. Evalueringa og eit felles nordisk idé-papir vart presenterte for leiarane av FN's hjelpeorganisasjonar (UNDP, UNICEF, UNFPA og WFP) og vart òg distribuerte til alle medlemslanda i FN. Det tette nordiske samarbeidet på dette området kan sjåast på som ei oppfølging av det nordiske FN-reformprosjektet frå 1996.

Både frå utviklingslanda og industrilanda si side la ein stor vekt på denne resolusjonen, som var den mest omfattande i 2. komité under den 56. generalforsamlinga. I tråd med tilrådingane frå den nordiske gjennomgangen la ein frå norsk side vekt på verdien av å konsolidere og vidareutvikle FN's samordningsmekanismer på landnivå på grunnlag av sterkare mottakarstyring og integrering i mottakarlandet sine strategiar m.a. for fattigdomsnedkjemping. Vidare vart det lagt vekt på å påskunde FN-organisasjonane sitt arbeid med å samordne planleggings- og rapporteringsrutinar som eit viktig verkemiddel for å sikre betre samordning mellom institusjonane på landnivå. Frå norsk side tok ein òg til orde for uttrykkeleg å integrere respekt for menneskerettane som ei tverrgåande prioritering for FN's hjelpeverksemd. Dette framlegget møtte monaleg motstand frå utviklingslanda, men referansen finst indirekte gjennom fleire tilvisingar til innhaldet i Tusenårserklæringa. Utviklingslanda var særleg opptekne av å understreke behovet for auka ressursar til FN's hjelpeverksemd. Bakgrunnen for dette er at tilskota til fleire organisasjonar, særleg til UNDP, har gått mykje ned dei siste åra. Til dømes Japan, USA og EU ønskte ikkje å leggje vekt på behovet for auka ressursar, men ønskte ei sterkare vektlegging av effektiv ressursbruk. Noreg stod på utviklingslanda si side i denne debatten. Utviklingslanda var vidare opptekne av å sikre sterkare mottakarstyring, og dei ønskte å understreke ansvaret FN-systemet har for å hjelpe utviklingslanda med å handtere globaliseringa. Industrilanda understreka på si side at hovudfokuset for FN's hjelpeverksemd må vere å kjempe mot fattigdom og å oppnå måla frå FN's tusenårserklæring og dei store FN-konferansane. Resolusjonen oppmodar vidare til tettare samarbeid mellom alle relevante aktørar på landnivå og oppmodar FN-systemet til å trekkje m.a. det sivile samfunnet og bilaterale gjevarar med i samordningsarbeidet, under leiing av nasjonale styresmakter. Behovet for meir samarbeid mellom FN og Bretton Woods-institusjonane vert særleg vektlagt, m.a. med sikte på å unngå overlappande arbeid. Det vert òg teke til orde for betre og meir effektiv evaluering av FN-systemets arbeid. Forhandlingsresultatet vart av alle partar sett på som svært bra, med klare signal til FN-systemet om prioriteringar for dei neste tre åra.

3.5.3 Globalt partnerskap

FN har dei siste åra lagt monaleg vekt på å utvide samarbeidet med det sivile samfunnet, medrekna frivillige organisasjonar og privat sektor. Generalsekretæren sitt initiativ til å opprette «the Global Compact» som ei ramme for samarbeidet med desse aktørane, knytt til m.a. internasjonalt vedtekne prinsipp for menneskerettar, miljøvern og arbeidsstandardar, er eit sentralt verkemiddel i denne samanhengen. Omgrepet «global partnerskap» er likevel møtt med ein viss skepsis frå einiske utviklingsland. Ein er oppteken av at samarbeidet mellom FN og relevante partnerar skal vere i samsvar med mål og prinsipp i FN-pakta utan å underminere eller vatne ut den mellomstatlege karakteren organisasjonen har. Mange utviklingsland ønskte å avgrense rolla til partnerskapen til at han berre skal medverke til å realisere utviklingsmålsetjingane til FN. Ein motset seg ikkje partnerskap med privat sektor så lenge det medverkar til ressursmobilisering og teknologioverføring. Andre utviklingsland, og industrilanda, påpeiker at det er ein viktig del av FN's tilpassing til endra rammevilkår at samarbeidet med ikkje-statlege aktørar vert

styrka og vidareutvikla. Ein har difor teke til orde for at temaet bør få si rettmessige handsaming i Generalforsamlinga. Samtidig vert det erkjent at det må vinnast praktisk røynsle med korleis dette samarbeidet bør utformast, før det eventuelt vert formalisert gjennom konkrete vedtak.

Av resolusjonen om global partnerskap går det fram at dette ikkje berre gjeld utviklingsdelen av FN's mandatområde. Resolusjonen fastset nokre allmenne prinsipp og retningslinjer for FN's samarbeid med ikkje-statlege aktørar, særleg privat sektor. Generalsekretæren vert beden om å rapportere om status for FN's partnerskap med andre aktørar til den 58. generalforsamlinga. Det vert òg bede om at rapporten skal innehalde framlegg til reglar for FN's samarbeid spesielt med privat sektor.

3.6 Miljø- og ressurspørsmål

Forhandlingane om miljørelaterte resolusjonar under den 56. generalforsamlinga vart til ein viss grad prega av dei praktiske førebuingane til Verdstoppmøtet for berekraftig utvikling (WSSD) som skal haldast i Johannesburg 26. august - 4. september 2002. FN-sekretariatet skal gjennomføre ein større informasjonskampanje for å auke det internasjonale medvitet omkring toppmøtet. Kampanjen vil trenge monaleg ekstrafinansiering, og dette førte til at ei rekkje industriland, særleg USA, Australia og Canada, gjekk sterkt imot framlegget. FN's informasjonsavdeling fekk òg kritikk for å ikkje ha teke omsyn til dette gjennom omprioriteringar i det regulære budsjettet sitt. Utviklingslanda la stor vekt på behovet for ein slik kampanje og viste til tilsvarende kampanjar i samband med andre store FN-konferansar. Det lukkast til slutt å oppnå semje om at kampanjen skal finne stad gjennom omprioritering innan eksisterande budsjett og frivillige tilskot. Det var òg debatt om i kva grad dei minst utvikla landa skal prioriterast når det gjeld finansiering av deltaking under dei førebuande møta til WSSD. Også spørsmålet om deltaking av ikkje-statlege organisasjonar var vanskeleg fordi ei rekkje utviklingsland ønskte å avgrense deltakinga deira. Omtale av «nye partnerskap», som vart fremja av mellom andre EU og Noreg, viste seg å vere eit òmtolig spørsmål for mange utviklingsland. Dette skuldast manglande semje om kva rolle den private sektoren skal spele når det gjeld fattigdom og utvikling, og ønsket om å ikkje føregripe Konferansen om finansiering for utvikling som skal haldast i Monterrey i mars 2002. For å unngå at avslutninga av Verdstoppmøtet for berekraftig utvikling skulle falle saman med årsdagen for terroråtaka 11. september 2001, vart det vedteke å flytte møtet til tidsrommet 26. august - 4. september 2002.

Eit anna viktig tema gjaldt diskusjonen om Den globale miljøfasiliteten (GEF) bør verte ein hovudfinansieringsmekanisme for Ørkenspreiingskonvensjonen. Fleire av framlegga frå utviklingslanda vart oppfatta som å føregripe vedtak som berre kan gjerast av statspartsmøtet for Ørkenspreiingskonvensjonen, og forsamlinga for Den globale miljøfasiliteten, som neste gong møtest i Beijing i oktober 2002. Det vart oppnådd semje om ei tekst som ikkje prejudiserer vedtak i desse organa. Utviklingslanda har i fleire år vore opptekne av å auke merksemda omkring konvensjonen og å understreke behovet for å mobilisere dei finansielle ressursane som trengst for å gjennomføre tiltak for å motverke ørkenspreiing.

USAs avgjerd om å trekkje seg frå Kyoto-protokollen prega handsaminga av Generalforsamlinga sitt dagsordenspunkt om internasjonalt samarbeid

omkring klimaendringane. Dette vart langt på veg eit framhald av tidlegare diskusjonar mellom særleg EU og USA om tidspunktet for ratifikasjon av protokollen. Det såg lenge ut til at resolusjonen ville gå til røysting etter at m.a. EU ikkje fann å kunne akseptere ei utvatning av målsetjinga i Tusenårserklæringa om at Kyoto-protokollen skal tre i kraft innan Verdstoppmøtet for berekraftig utvikling. I lys av dei store negative skadeverknadene dette ville kunne få med omsyn til amerikansk deltaking under Verdstoppmøtet, kom ein fram til ei akseptabel kompromissløyising grunna på formuleringane i Tusenårserklæringa.

3.7 Sosiale spørsmål

Noreg heldt, som vanleg, eit innlegg under dagsordenspunktet om sosial utvikling og fokuserte på ungdomsspørsmål. I innlegget vart det særleg fokusert på kor viktig det er at ungdom deltek i ulike FN-fora, både under Generalforsamlinga og i FNs mange konferansar og spesialsesjonar. I tillegg vart det sett søkjelys på utdanning, særleg for born i utviklingsland.

Innlegga til utviklingslanda var i stor grad konsentrerte om sosiale aspekt ved fattigdomsnedkjemping, medan ein frå vestleg side i større grad la vekt på spørsmål om ungdom, aldring og situasjonen til dei funksjonshemma. Trass i at ordninga med deltaking av ungdomsdelegatar har eksistert i nærare 30 år, er Noreg framleis blant dei svært få medlemslanda som tek med ungdomsdelegatar i delegasjonane sine. Under den 56. generalforsamlinga var det i underkant av ti medlemsland som praktiserte denne ordninga. Leiaren for 3. komité oppmoda til større deltaking av ungdomsdelegatar i framtidige sesjonar.

3.8 Menneskerettsspørsmål

Opptakten til handsaminga av menneskerettar vart òg prega av 11. september og kampen mot terrorisme. Aktørane vart meir varsame og til dels usikre på korleis dei tradisjonelle «blokkene» ville opptre, og korleis forhandlingsklimaet allment sett ville utvikle seg. Den stendige utsetjinga av rasismedebatten, som følgje av problema med å få ferdigredigert sluttdokumentet frå Durban, medverka ytterlegare til denne uvissa. Dette gav seg òg utslag i ei viss vedtaksvegving blant fleire aktørar, trass i det ikkje fanst utprega kontroversielle einskildsaker. Situasjonen vart òg prega av at generaldebatten i plenum kom midt i sesjonen. Ein miste såleis mykje av framdrifta i arbeidet fordi korkje røysting eller viktige uformelle forhandlingar fann stad før etter generaldebatten.

Mange av dei mest omstridde resolusjonane vart først handsama mot slutten av sesjonen. Dette gjaldt m.a. resolusjonen om menneskerettar og terrorisme, samt landresolusjonen om Afghanistan. Meininga var å vinne tid i høve til den dynamiske utviklinga på desse områda. Ein urimeleg stor del av arbeidet vart difor konsentrert mot slutten av sesjonen. Atmosfæren var likevel konstruktiv, og mindre konfrontatorisk enn frykta. Resolusjonen om menneskerettar og terrorisme fekk denne gongen langt større merksemd og tok meir tid enn under tidlegare generalforsamlingar.

Trenden ein var vitne til under Generalforsamlinga året før og under 2001-sesjonen til kommisjonen for menneskerettar, der det var stadig fleire voterin-

gar over tradisjonelle konsensusresolusjonar, var ikkje merkbar under årets sesjon. Tvert imot syntest fleire delegasjonar å føretrekkje konsensus og viste som oftast stor fleksibilitet. Det var likeins ein større tendens til å forsvare tidlegare oppnådd semje enn å ta nye steg. Slik sett vil nok årets sesjon verte ståande som ein sesjon der ein på dei fleste område stod på «staden kvil». Det var ikkje noko større initiativ eller steg som dreiv menneskerettsagendaen framover. På den andre sida var det heller ikkje noko substansielt tilbakesteg.

Med omsyn til landresolusjonane vart det under denne Generalforsamlinga lagt fram sju resolusjonar, om Afghanistan, Burma, Sørøst-Europa, DR Kongo, Iran, Irak og Sudan. Dei fire sistnemnde vart vedtekne med votering. Det var ei viss spenning knytt til utfallet av Iran-resolusjonen, som året før vart vedteken med liten margin. Oppslutninga om Iran-resolusjonen vart denne gongen likevel langt større enn venta og større enn året før. Teksta var no litt meir moderat, slik at fleire land lettare kunne røyste for. Forhandlingane om Burma-resolusjonen vart langt vanskelegare enn venta. Det var relativt store skilnader blant dei tradisjonelle medframleggsstillarane i vurderinga av korleis dei siste utviklingstrekk i landet skulle speglast i resolusjonen. Australia og Sør-Korea ønskte ein mest mogeleg oppmuntrande tekst, medan EU, USA og Noreg ønskte ein sterkare tekst som i større grad påpeikte at det framleis var uakseptable tilhøve i landet, i tråd med resolusjonen året før. Resultatet vart, etter fleire lange forhandlingar, ein balansert resolusjon som tek omsyn til dei positive utviklingstrekk, men samtidig opprettheld sterk kritikk av menneskerettssituasjonen.

Ikkje uventa var det under denne Generalforsamlinga stor interesse for resolusjonen om Afghanistan. Det første utkastet til tekst kom likevel svært seint i prosessen, og det viste seg vanskelegare enn venta å kome fram til semje. Berre etter lange forhandlingar dagane før røysting kom ein fram til ei tekst som alle kunne godta.

Fleire av dei tematiske resolusjonane var det også denne gongen vanskeleg å verte samde om. Resolusjonen om menneskerettar og terrorisme var mellom dei vanskelegaste. Resolusjonen vart fremja av Algerie. USA samarbeidde med Algerie før framlegginga av utkastet til tekst, i von om at ein kunne presentere ei tekst som ville få størst mogeleg oppslutning og venteleg oppnå konsensus. Men det viste seg vanskeleg. EU, saman med Canada, Australia, Liechtenstein og San Marino, valde til slutt å ta resolusjonen til votering, fordi ein av prinsipielle årsaker ikkje kunne godta omtalen av terrorhandlingar som brot på menneskerettane og omtale som innebar gradering av ulike menneskerettar. Denne uroa vart delt av Noreg og m.a. dei latinamerikanske landa. Resolusjonen vart vedteken då 84 røysta for, 64 lét vere å røyste og ingen røysta mot. Noreg lét vere å røyste saman med m.a. EU og andre industriland.

Resolusjonen om oppfølginga av Beijing+5-konferansen skulle òg vise seg å verte noko problematisk og tidkrevjande. Det var særleg sterk opposisjon frå G-77 mot å vise til tryggingrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik. EU og JUSCANZ lukkast likevel til slutt med å få inn ein allmenn referanse til denne resolusjonen. Frå norsk side er ein òg nøgd med at resolusjonen inneheld eit godt og sterkt språk når det gjeld integrering av likestillingsper-

spektivet. Torturresolusjonen kom i hamn med konsensus, men berre etter lange, vanskelege forhandlingar.

Noreg heldt ein relativt høg profil under sesjonen i 2001. Ein fremja to viktige resolusjonar om høvesvis menneskerettsforsvararar og internt fordrivne personar (IDP). Arbeidet med desse vart òg tidkrevjande, hovudsakleg på grunn av innvendingar frå nokre land som meinte at delar av teksta greip inn i nasjonale tilhøve. På bakgrunn av den innleiande usemja om desse resolusjonane var ein frå norsk side nøgd med at begge til slutt vart vedtekne med konsensus.

3.9 Flyktningsspørsmål

Under handsaminga av flyktningsspørsmål og av rapporten frå FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR) konsentrerte utviklingslanda som har relativt store flyktninggrupper, m.a. mange av dei afrikanske landa, innlegga sine om den børta det er å vere vertskap for flyktningane, både økonomisk og på grunn av at det skaper konflikhtar med fastbuande. Det internasjonale samfunnet vart oppmoda om å ta sin del av det økonomiske ansvaret slik at omsynet til flyktningane ikkje får ytterlegare negative følgjer for trengande nasjonale grupper. Landa som flyktningstraumane ikkje får så direkte følgjer for, konsentrerte seg først og fremst om situasjonen til det afghanske folket. Somme bad likevel om at krisa i Afghanistan ikkje måtte få det internasjonale samfunnet til å gløyme dei om lag 13 millionane andre flyktningane i verda. Det internasjonale samfunnet vart òg kritisert for ikkje i tilstrekkeleg grad å dele flyktningbøra med nabolanda til Afghanistan. Det vart peikt på at Høgkommissæren treng å verte tilførd tilstrekkelege ressursar i framtida òg.

Noreg gav i innlegget sitt ein positiv omtale av arbeidet som Høgkommissæren for flyktningar har gjort, og oppmoda til å gje Høgkommissæren tilstrekkelege midlar. Det vart vidare orientert om Noregs sterke internasjonale engasjement når det gjeld flyktningsspørsmål. Behova til kvinnelege flyktningar og flyktningborn vart omtala. I denne samanhengen vart programmet » Separated Children in Europe» nemnt som eit viktig program som Noreg er ein av støttespelarane til. Noreg oppmoda til å bruke flyktningar som ein ressurs, i staden for å sjå på dei som del av eit problem.

Finland samordna arbeidet med resolusjonen om UNHCR. Forhandlingane var mindre vanskelege i 2001 enn under sesjonen året før. Dette hadde samanheng med at teksta, etter framlegg frå Noreg, denne gongen vart omorganisert og vesentleg forkorta samanlikna med teksta året før. Den overordna målsetjinga med resolusjonen er at FNs generalforsamling skal uttrykkje støtte til Høgkommissærens arbeid og godkjenne Høgkommissærens rapport. Detaljar som ikkje trongst, og omstridde element som tok fokus bort frå denne målsetjinga, vart difor strokne. Resolusjonen vart vedteken med konsensus.

3.10 Humanitære spørsmål

3.10.1 Samordning av FN's humanitære hjelp

I handsaminga av humanitære spørsmål vart det gjennomgåande gjeve stor ros til den måten FN's avdeling for humanitær hjelp (OCHA) og FN allment hadde handtert den humanitære krisa i Afghanistan på. Andre tema som gjekk igjen, var behovet for å betre responsen på dei humanitære appellane, betre samordning innan FN og mellom FN og andre humanitære aktørar, betre tryggleik for humanitært personell, behovet for betre vern og hjelp til internt fordrivne og behovet for rimeleg balanse mellom respons på naturkatastrofar og komplekse kriser. Tendensen frå tidlegare år der særleg einskilde utviklingsland understrekar behovet for respekt for nasjonal sjølvråderett i arbeidet med å møte humanitære behov og påpeiker behovet for større fokus på naturkatastrofehjelp, var merkbar under debatten denne gongen òg. Desse skilnadene mellom innlegga frå utviklingslanda og innlegga frå gjevarlanda syntest likevel noko mindre markerte enn tidlegare. Eitt unntak var likevel den klare påpeikinga frå m.a. Egypt og India si side av at dei framleis meiner at FN's retningsliner for internt fordrivne bør verte handsama på mellomstatleg nivå i FN før dei kan sjåast på som gjeldande.

Blant dei konkrete hjelpesituasjonane som vart nemnde i innlegga, peikte Afghanistan seg ut. I tillegg vart det omtala ei rekkje situasjonar i nasjonale innlegg, m.a. Tsjernobyl, dei palestinske områda, Balkan og sentralasiatiske republikkar, samt dei pågåande humanitære krisene i Afrika. Frå mange hald vart det oppfordra til å ikkje la merksemda om Afghanistan føre til at ein gløymer behovet for å yte hjelp til andre humanitære kriser òg, ikkje minst i Afrika. Det vart m.a. vist til at FN's humanitære appellar for 2002 omfattar humanitære kriser i 18 land og regionar, og at dei samla behova utgjer USD 2,5 mrd.

Generalforsamlinga vedtok 18 resolusjonar under dagsordenspunktet om humanitære spørsmål, samt ein resolusjon om minetiltak. Av desse resolusjonane omhandlar 13 humanitær hjelp/økonomisk samarbeid med einskildland eller regionar. Forhandlingane om resolusjonen om tryggleik for humanitært personell og FN-personell var vanskelege denne gongen òg. Einskilde utviklingsland var skeptiske til formuleringar som skulle kunne lesast som forsvor for «humanitær intervensjon» på kostnad av nasjonal sjølvråderett. USA motsette seg m.a. ei tekst som oppmoda til å vurdere ratifikasjon av Roma-statuttane til den internasjonale straffedomstolen (ICC). Det vart funne ei løysing som gjorde det mogeleg for USA å halde røysteforklaring i staden for å be om røysting. Resolusjonen vart difor til slutt vedteken med konsensus. Med omsyn til resolusjonen om samordning av humanitær hjelp vart det vedteke å utvide verkeområdet for det rullerande naudhjelpsfondet CERF til også å omfatte naturkatastrofar, langvarige kriser og tryggingstiltak for humanitært personell.

3.10.2 Landminetiltak

Resolusjonen om minetiltak er i hovudsak grunna på tidlegare konsensus-tekst. Dei mest kontroversielle temaa i denne resolusjonen er omtalen av landminekonvensjonen og kva prioriteringar som skal liggje til grunn for FN's landminetiltak. Dei landa som ikkje har ratifisert landminekonvensjonen, ønskjer

å ikkje gjere han til det viktigaste grunnlaget for FN's arbeid med landminer. I tillegg kjem det at somme land som framleis har mange landminer frå den andre verdskrigen, ønskjer at FN skal prioritere rydding av desse høgare. Dei fleste gjevarlanda, m.a. Noreg, meiner likevel at avgrensa ressursar bør prioriterast tiltak i land som etterlever føresegnene i Landminekonvensjonen, og der landminer utgjer eit meir akutt trygging-, helse- og utviklingsmessig problem. Denne usemja kom til uttrykk m.a. i spørsmålet om Generalforsamlinga skulle godkjenne den framlagde femårsstrategien for FN's minetiltak. Det lukkast til slutt å få til semje om ei resolusjonstekst der ein ber Generalsekretæren om å «optimalisere» femårsstrategien ved å ta omsyn til synspunkta til medlemslanda.

3.11 Oppfølging av FN-konferansar

Frå 25. til 27. juni 2001 arrangerte FN's generalforsamling ein spesialsesjon (UNGASS) om HIV/AIDS. Den norske delegasjonen vart leidd av dåverande utviklingsminister Anne Kristin Sydnes, som i hovudinnlegget sitt la vekt på nedkjemping av diskriminering, respekt for menneskerettar, behov for open-skap, at aidsmedisinar må gjerast billigare og meir tilgjengelege, og at førebygging framleis er det mest effektive våpenet vårt. Norske prioriteringar vart tilfredsstillande varetekne i slutterklæringa. Auka norsk hjelp til AIDS og helse vart meldt (1 milliard kroner fordelt over dei neste 5 åra til HIV/AIDS, tuberkulose og malaria). Dessutan medverka Noreg m.a. aktivt til at menneskerettsorganisasjonar for homofile og lesbiske ikkje vart utestengde frå rundebordsdebatten.

Det var stor usemje om omtale av menneskerettar og sårbare grupper. Likevel vart slutterklæringa vedteken utan reservasjonar. Det vart sett opp ei rekkje konkrete målsetjingar, som skal oppfyllest innan fastsette tidspunkt (for det meste innan 2003 og 2005). Eigne avsnitt i slutterklæringa tek for seg målsetjingar på nasjonalt, regionalt og globalt plan. Til dømes skal det innan 2003 utviklast og gjennomførast nasjonale multisektorielle strategiar og finansieringsplanar for nedkjemping av HIV/AIDS. I land der det er aktuelt, skal HIV/AIDS òg, innan 2003, integrerast i all utviklingsplanlegging, medrekna strategiar for å nedkjempe fattigdom, nasjonale budsjett og sektorprogram. Erklæringa støttar òg oppretting av eit globalt HIV/AIDS- og helsefond, og stadfestar at det innan 2002 skal lanserast ein verdsomspennande innsamlingskampanje som skal gje eit tilskot til det globale HIV/AIDS- og helsefondet.

Som dei andre store verdskonferansane på 1990-talet vart òg FN's andre verdskonferanse om busetjingsspørsmål - Habitat II - som vart halden i Istanbul i 1996, følgd opp med ein «+5-konferanse» i form av ein spesialsesjon av Generalforsamlinga. Spesialsesjonen, som vart halden 6.-8. juni ved FN's hovudkvarter, samla representantar frå 157 medlemsland. I tilknytning til ein særskild tematisk komité deltok ei rekkje representantar frå lokale styresmakter og det sivile samfunnet. Den norske delegasjonen vart leidd av statssekretær Sverre Bugge, KRD. Delegasjonen spela ei sentral rolle i framforhandlinga av erklæringa frå sesjonen: «Cities and other Human Settlements in the New Millennium».

Erklæringa understrekar verdien av å styrkje arbeidet med gjennomføringa av Habitat-agendaen, hovuddokumentet frå Istanbul-konferansen, og

trekkjer fram nokre av hovudpunkta i agendaen og i FN's tusenårserklæring som viktige satsingsområde. Det gjeld m.a. større vektlegging av rettar til bustad, der særleg vern av eige- og leigetryggleik vert fokusert, styrking av kvinnene si rolle, større vekt på verdien av eit godt styresett og effektiv desentralisering gjennom styrking av lokale styresmakter, samt meir utviklingshjelp. Erklæringa oppmodar òg FN's generalsekretær om å styrkje FN's busetjingskommisjon og Habitat-senteret i Nairobi. Senteret er no omgjort til eit program i FN, UN - HABITAT, som medfører ei klarare institusjonell forankring og plassering i FN-familien.

3.12 Finansielle og administrative spørsmål

3.12.1 FN's økonomiske situasjon og budsjettet for 2002-2003

FN's økonomiske situasjon ved utgangen av 2001 viste for tredje året på rad ei forsiktig positiv utvikling for det regulære budsjettet. Medlemslanda si gjeld til FN var likevel USD 2,2 mrd., og av dette var USD 1,9 mrd. gjeld til FN's fredstryggjande operasjonar og USD 43,8 mill. til krigsforbrytardomstolane. USA betalte i alt inn over USD 1,5 mrd. i 2001 og skulda ved utgangen av året USD 165,4 mill. til det regulære budsjettet, USD 786,7 mill. til FN's fredstryggjande operasjonar og USD 14,7 mill. til krigsforbrytardomstolane. For første gong betalte USA inn meir til FN enn ilikna bidrag for året og betalte i alt inn USD 475 mill. i gamal gjeld. Innbetaling i 2001 av denne summen og motrekning av USD 107 mill. som FN skulda USA, inneber at USA oppfylte sin del av den pakkeløysinga som vart inngått i 2000 i samband med endring av FN's bidragsskalaer. Innbetalinga var ei oppfølging av at USAs krav om nedsett del til FN's regulære budsjett vart vedteke, og at kravet om nedsett del til FN's fredstryggjande operasjonar delvis vart innfridd. USA skuldar likevel framleis FN om lag USD 900 mill., og av dette er 5-600 mill. omstridd. FN på si side skulda ved årsskiftet land som yter troppe- og utstyrsbidrag til FN's fredstryggjande operasjonar, om lag USD 800 mill. i ubetalte refusjonar mot USD 917 ved førre årsskiftet. På grunn av USAs delvise nedbetaling av gamal gjeld, som heilt ut vil gå til å betale ned FN's gjeld til troppebidragsytande land, er det god von om at FN's gjeld vil verte redusert ytterlegare ved utgangen av dette året. Dette føreset likevel at medlemslanda betaler ilikna bidrag fullt ut og i tide til fredstryggjande operasjonar i 2002.

FN's fredstryggjande operasjonar har eigne budsjett. Dei steig kraftig frå 1989 til 1994 og fall deretter monaleg. Frå 1999 har utgiftene til fredstryggjande operasjonar vore stendig stigande, og i tidsrommet 1. juli 2001 til 30. juni 2002 er det venta utgifter på mellom USD 2,7 mrd. til USD 3 mrd. Det er særleg FN's engasjement i Aust-Timor, DR Kongo, Sierra Leone og Etiopia/Eritrea som har ført til denne kostnadsauken.

For første gong vart det presentert eit framlegg til eit toårsbudsjett som var utarbeidd på grunnlag av eit resultatbasert format, etter vedtak av Generalforsamlinga under den 55. generalforsamlinga. Det nye formatet skulle innebere eit skifte frå hovudsakleg kvantitativt fokus på ressursbehov til ein meir kvalitativ budsjettprosess, grunna på venta resultat, programlevering og måling av effektiviteten av aktivitetane til organisasjonen.

I presentasjonen av framlegget til budsjett for 2002-2003 slo Generalsekretæren fast at det ikkje har vore reell vekst i FN's regulære budsjett dei

siste seks åra. Generalsekretæren viste til fleire reformer på personellsektoren, innføring av ny teknologi, betre samordning av FN-organa og at FN har klart å gjere meir med mindre ressursar. Sekretariatet ville gjere sitt ved å setje i verk ytterlegare reformer og effektivisering. Det vart likevel åtvåra mot å stadig påleggje FN fleire mandat utan å samtidig sørgje for at FN får dei ressursane som trengst. I motsett fall ville resultatet vere dårlegare kvalitet på det arbeidet FN er sett til å utføre.

I det norske innlegget ønskte vi velkome framlegget om auka ressursar til utvikling, særleg når det gjaldt Afrika. Vi påpeikte mangel på adekvate ressursar når det gjaldt menneskerettssektoren og humanitær hjelp, som i aukande grad har vorte avhengige av frivillige midlar. Dette vart òg følgd opp i dei uformelle forhandlingane seinare. Det vart òg teke til orde for at det måtte vere rom for reell auke i budsjettet når det var naudsynt for å finansiere prioriterte aktivitetar eller for å møte nye utfordringar, men at dette ikkje utelukka arbeidet med ytterlegare effektivisering av FN.

EU gjekk inn for ein grundig gjennomgang av budsjettet og understreka kor viktig det er å kontrollere utgiftene og identifisere mogelege innsparingar. I forhandlingane stilte EU, CANZ-landa og USA svært detaljerte spørsmål. For EU-landa sin del var spørsmål/kommentar-runden eit høve for dei einskilde EU-landa til å lyfte fram hjertesakene sine gjennom formannskapet. For USA og CANZ-landa var detaljgjennomgangen eit utgangspunkt for framlegg om å redusere Generalsekretærens budsjettframlegg. FN's informasjonsavdeling fekk særleg hard medfart i forhandlingane. Det vart òg stilt kritiske spørsmål til dei mange publikasjonane som i dag vert produserte av FN, og etterlyst oversyn over kor mange som brukar desse publikasjonane. Frå fleire hald vart det stilt spørsmål om sakleg grunngeving for ein god del føreslegne oppgraderingar av toppstillingar i FN, og det vart påpeikt at ein alt hadde eit for topptungt byråkrati i organisasjonen. Utviklingslanda klaga over manglande ressursar til sosial og økonomisk utvikling i utviklingslanda, sjølv om dei største aukingane var føreslegne til utvikling i Afrika.

Etter forhandlingar i tre månader, som først vart avslutta julaftan, vedtok Generalforsamlinga eit budsjett for 2002-2003 på USD 2,63 mrd. Dette var ein auke på USD 92 mill. i høve til budsjettet for 2000-2001, men innebar eit kutt på USD 75 mill. i høve til Generalsekretærens budsjettframlegg.

I resolusjonen vert det uttrykt misnøye over at Generalsekretæren ikkje har gjort ein omfattande gjennomgang av strukturen på sekretariatet og ikkje kome med framlegg retta mot det topptunge sekretariatet. Det vart difor vedteke å ikkje vedta framlegget frå Generalsekretæren om oppgradering av fleire stillingar. Framlegget frå Generalsekretæren til nye stillingar vart i stor grad støtta. Det vart likevel vedteke nedskjeringar i andre budsjettpostar, m.a. når det gjaldt informasjonssektoren og på reisebudsjettet. Det vart òg vedteke å budsjettere med ein høgare gjennomsnittleg arbeidsløysesprosent enn det Generalsekretæren hadde føreslege. Utviklingslanda fekk gjennomslag for at nokre nedskjeringar ikkje skulle gjerast i den økonomiske støtta til regionale økonomiske kommisjonar. Dei fekk dessutan gjennomslag for einskilde stillingar som ikkje var tilrådde av Den rådgjevande komiteen for administrative og budsjettmessige spørsmål (ACABQ) og i tillegg fem stillingar i UNRWA som Generalsekretæren ikkje eingong hadde føreslege. På vestleg side fekk

ein oppretta tre nye stillingar i FN's kontor for samordning av humanitære spørsmål og to stillingar til å styrkje menneskerettssektoren, som heller ikkje var tilrådde av ACABQ.

3.12.2 Finansiering av krigsforbrytardomstolane

Når det gjaldt Generalsekretæren sitt framlegg til toårsbudsjett for 2002-2003 for krigsforbrytardomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda, valda oppmodinga om endå fleire stillingar og auka ressursar på i overkant av 13 prosent i høve til budsjettet for 2001 store problem. Auken i budsjettframlegga var igjen grunngeven med fleire varetektsfangar og større aktivitet i rettsalane. Budsjettframlegga lydte på over USD 248 mill. for domstolen for tidlegare Jugoslavia og på over USD 204 for domstolen for Rwanda.

USA, støtta av India, Singapore, Kina og Algerie, ville i utgangspunktet berre gje domstolane fullmakt til eit driftsbudsjett fram til den vidareførte sesjonen av Generalforsamlinga i mars 2002, for då å ta endeleg stilling til eit nytt budsjett, inklusive kravet om fleire stillingar. Misnøye med domstolane sin store pengebruk og manglande effektivitet, stort fråvere av dommarar ved domstolen for Rwanda, nye rykte om korrupsjon m.m. medførte stor uvilje frå desse mot å godta ein auke i ressursane på over 13 prosent enno ein gong. Dei ønskte dermed å gje domstolane eit kraftig politisk signal om at dette ikkje kan godtakast lenger. I tillegg kom det at Generalsekretærens budsjettframlegg vart offentleggjort tre veker etter tidsskjemaet, og rapporten frå FN's rådgjevande komité for administrative og budsjettmessige spørsmål (ACABQ) kom seint til 5. komité. Det var òg svært lita tid i komiteen sin overfylte dagsorden til å handsame budsjettframlegga så grundig som somme hadde ønskt.

Forhandlingane, som vart leidde av Noreg, resulterte i eit kompromiss, der domstolane fekk eit førebels toårsbudsjett for 2002-2003, slik ACABQ hadde tilrådd, minus kostnader for føreslegne nye stillingar. Dette innebar eit førebels budsjett for domstolen for det tidlegare Jugoslavia på USD 242,7 mill. og for domstolen for Rwanda på USD 192,3 mill. Talet på stillingar vert frose på det nivået det er no, men det vert gjeve fullmakt til å tilsetje mellombels personale etter behov frå resolusjonen vert vedteken til stillingsnivået skal handsamast på den vidareførte sesjonen av Generalforsamling i mars. Etter krav frå USA vart det gjeve ekstra midlar til å tilsetje to stadlege revisorar og ein etterforskar frå FN's kontor for internt tilsyn. Også desse må tilsetjast mellombels fram til den vidareførte sesjonen av Generalforsamlinga.

I resolusjonen som vart vedteken, vert det òg gjeve uttrykk for uro over alle stillingane som enno ikkje er fylte ved domstolane. Det vart vidare oppmoda om at domstolane kvart år skal leggje fram ein finansiell rapport og ein framdriftsrapport til Generalforsamlinga. Når det gjeld resolusjonen om budsjettet for domstolen for det tidlegare Jugoslavia, vert det òg klaga over fråveret av ein fast strategi for når domstolen kan avvikle arbeidet sitt.

3.12.3 Tilsyn og kontroll

Til grunn for den 56. generalforsamlinga låg det føre ein rapport frå FN's eksterne revisorråd om FN's kontor for høgkommissæren for flyktningar (UNHCR). I debatten vart Revisorrådet rosa for ein grundig gjennomgang av

rekneskapane til UNHCRs frivillige fond. Ein sa seg lei for at Revisorrådet hadde måtta teke atterhald ved godkjenninga av rekneskapane, og UNHCR vart beden om å følgje opp tilrådingane frå Revisorrådet. Dette vart òg kjernen i resolusjonen som vart framforhandla med konsensus.

I det norske innlegget som vart halde, peikte vi òg på at det hadde vore klare forbetringar i dei seinare åra, og at UNHCR synest å følgje godt opp Revisorrådet sine tilrådingar frå tidlegare år. Revisorrådet kritiserte m.a. UNHCR for å nytte midlar på tiltak som strengt teke ikkje berre kjem flyktingar til gode (til dømes vøling av ei bru eller husly til ei større gruppe der tradisjonelle flyktingar berre utgjer ein del av gruppa). I innlegget støtta vi ikkje opp om denne kritikken og åtvare mot at slike mandatdiskusjonar skulle stå i vegen for langsiktige løysingar for flyktingane.

I debatten om FN's inspektørgruppe (JIU) vart det frå fleire hald, m.a. frå Noreg, påpeikt at JIU ikkje måtte spenne for vidt og bør konsentrere seg om å fremje tilrådingar som raskt lét seg gjennomføre. Det vart hevda at JIU-rapportane var av varierende kvalitet. På nokre område hadde inspektørane spela ei positiv rolle når det gjaldt å oppmuntre til reformer av organisasjonen, medan andre rapportar mangla vekt og hadde liten positiv innverknad. Det vart òg påpeikt at sjølv om Generalforsamlinga nyleg hadde vedteke ein mekanisme for å følgje opp gjennomføringa av tilrådingane frå JIU, viste fleire av JIU-rapportane at få av dei tiltaka som var tilrådde, var gjennomførte av dei organisasjonane som hadde vorte inspiserte. Det var difor behov for betre formulerte tilrådingar og ei betre oppfølging av gjennomføringa av tilrådingane. Det var vidare misnøye med at JIU ikkje kunne leggje fram eit endeleg arbeidsprogram for 2002 før handsaminga i Generalforsamlinga av budsjettet for JIU.

I resolusjonen som vart vedteken, vert JIU oppmoda om å forbetre presentasjonen av det førebelse arbeidsprogrammet, og behovet for at JIU fokuserer på godt definerte og relevante spørsmål av høg prioritet, vart understreka. Behovet for betre samordning med andre eksterne og interne tilsynsorgan innanfor FN-systemet vart òg understreka. JIU vart vidare beden om å rapportere til den 57. generalforsamlinga om gjennomføringa av tilrådingane frå JIU og leggje meir vekt på evaluering av arbeidet sitt i rapportane til Generalforsamlinga.

Noreg var tilslutta eit EU-innlegg om årsrapporten frå FN's avdeling for internt tilsyn (OIOS), der ein rosar arbeidet som OIOS hadde gjort for å forbetre internkontrollen og leiinga av organisasjonen. I innlegget vart det òg uttrykt støtte til OIOS sine tilrådingar. Under dette dagsordenspunktet vert òg andre rapportar frå OIOS handsama, m.a. ein rapport om leiing og den administrative praksisen ved FN's kontor i Wien. OIOS var svært kritiske til toppleiinga og det påstått oversentraliserte avgjerdsapparatet der. OIOS oppmoda Eksekutivdirektøren og leiinga til å gjennomføre drastiske endringar straks. Ein god del av endringane er alt gjennomførte og andre er i ferd med å verte gjennomførte.

I den resolusjonen som vart vedteken, som tradisjonelt alltid har vore kontroversiell ettersom utviklingslanda meiner at opprettinga i 1994 var ei amerikanskinspirert sak, klarte ein etter påtrykk frå Noreg for første gong å gje lovord for det arbeidet OIOS utfører. Det var først under den 55. generalforsamlinga at ein klarte å kome til semje om å vedta årsrapportar frå OIOS heilt

frå 1995 til 1999. Under den 56. generalforsamlinga vart årsrapportane frå 2000 og 2001 vedtekne.

3.13 Juridiske spørsmål

3.13.1 Havrettsspørsmål

FNs havrettskonvensjon av 1982 (HRK) utgjer den overordna rettslege ramma for alle nasjonale, regionale og internasjonale tiltak i marin sektor. HRK tredde i kraft i 1994, og frå og med då har Generalforsamlinga hatt ei årleg handsaming av gjennomføringa av HRK og andre utviklingstrekk på havrettsområdet. Handsaminga er grunna på ein årleg rapport lagd fram av FN's generalsekretær etter HRK art. 319 nr. 2 bokstav a). Rapporten, som er utarbeidd av FN sekretariatets Hav- og havrettsseksjon, er eit omfattande dokument som byggjer på innspel frå heile FN-systemet og gjev eit oversyn over alle sider ved marin aktivitet og integrerer i dette både rettslege, økonomiske og sosiale spørsmål og miljøspørsmål.

Drøftinga i Generalforsamlinga av spørsmål knytte til hav og havrett var også under denne Generalforsamlinga ein viktig arena for å profilere Noreg som ressursnasjon med viktige interesser på det maritime området. Havrettskonvensjonen er blant dei mest omfattande traktatane som nokon gong er forhandla i FN's regi og er av sentral verdi for Noreg både når det gjeld petroleum, fiske, skipsfart og tryggingpolitiske interesser, og FN's generalforsamling er det viktigaste forumet for ein global politikk på alle desse områda.

Konvensjonen representerer ei harmonisering av til dels kryssande omsyn og er eit kompromiss mellom ulike interessegrupper. I den seinare tida har ein sett fleire freistnader på å gjenopne nokre av dei kompromissa som konvensjonen representerer, m.a. gjennom oppretting av nye «samrådsprossar» underlagde Generalforsamlinga. Likeins har debattane om dei sentrale prinsippa for vern- og forvaltning av dei levande ressursane i havet vorte monaleg tilspissa og polariserte. Frå norsk side har det vore eit hovudpoeng å arbeide for og medverke til at konvensjonen vert gjennomført og respektert, og at ein unngår alternative løysingar og prosessar som går på tvers av føresegnene i konvensjonen.

Forhandlingane om den allmenne havrettsresolusjonen (omnibusresolusjonen) trekte mykje ut i tid og viste seg som svært vanskelege. Det er tydeleg at resolusjonen omhandlar spørsmål der statane har klare og ofte ikkje heilt samanfallande politiske agendaer. For spørsmål som er vanskelege sedde frå norsk side, kom ein fram til akseptable løysingar for alle desse bortsett frå når det gjaldt spørsmålet om tema for neste års uformelle samrådspross. Utforminga av den aktuelle paragrafen medførte at Noreg i motsetning til tidlegare år fann å ikkje kunne vere medframleggsstillar på resolusjonen. Noreg heldt i denne samanhengen røysteforklaring. Det klare norske standpunktet til den uformelle samrådsprossen er at han skal vere eit reint førebuande organ for FN's generalforsamling. Årets resolusjon synest å vere eit ytterlegare steg i retning av ei institusjonalisering av den uformelle samrådsprossen med den faren at han då kan verte etablert som ein arena for

krefter som ønskjer ein «omkamp» om somme av HRKs kompromissløyser.

Resolusjonen om FN-avtalen om fiske på ope hav av 1995 var i år prega av at avtalen trer endeleg i kraft etter at så mange statar som det krevst (30), no har tiltredd avtalen. Resolusjonen legg til rette for at avtalen kan tre i kraft. M.a. vart dagsordenspunktet vedteke vidareført på neste Generalforsamling. Resolusjonen var tidlegare toårig. Frå norsk side har ein lagt stor vekt på at FN-avtalen bør tre i kraft så snart som råd. Samla sett representerer avtalen eit internasjonalt gjennombrøt i arbeidet for forsvarleg forvaltning av vandrande og langtmigrerande fiskesetnader.

3.13.2 Opprettinga av ein fast internasjonal straffedomstol

Ein ventar at Den internasjonale straffedomstolen kjem til å tre i kraft i midten av 2002. For at domstolen skal verte oppretta, krevst det at 60 statar ratifiserer vedtektene. Ved utgangen av 2001 hadde 48 statar gjort dette. Heile 139 hadde underskrive vedtektene. Den internasjonale straffedomstolen må sjåast på som eit viktig tilskot til styrking av den internasjonale rettsordenen og som eit gjennombrøt for folkeretten. Dersom domstolen vert oppretta, vil det kunne medverke til å førebyggje masseovergrep og til langsiktig fred og forsoning etter konflikhtar. Domstolen byggjer på prinsippet om at statane har det primære ansvaret for å straffeforfølgje dei alvorlegaste internasjonale brotsverka, og ein ventar at han vil få ein vesentleg funksjon som spore til at statar tek dette ansvaret alvorleg.

Arbeidet fram mot skiping av ein fast, internasjonal straffedomstol går etter vedtakinga av Roma-vedtektene av 17. juli 1998 føre seg i Den førebuande kommisjonen. Under handsaminga i 6. komité av skipinga av Den internasjonale straffedomstolen vart det vedteke ein resolusjon, der det vert fastsett at Kommisjonen skal halde ytterlegare to tovekerssesjonar i New York i 2002 for å vidareføre arbeidet sitt. Resolusjonen ser òg fram til at Roma-vedtektene trer i kraft som venta i løpet av 2002 og ber i denne samanhengen Generalsekretæren om å setje i verk det som krevst av førebuingar for halde det første statspartsmøtet. Noreg heldt under hovuddebatten i 6. komité eit eige innlegg der ein særleg la vekt på at domstolen må skipast snart, og at han har eit potensial som verkty for å motverke dei mest grufulle internasjonale brotsverka. Debatten avdekte at det gjennomgåande var ei svært positiv haldning til å la domstolen tre i kraft snart. Det er verd å merke seg at USA er den einaste staten som ser seg nøydd til å ta ordet for å ta atterhald om posisjonen sin med omsyn til om domstolen skal tre i kraft.

3.13.3 Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia

Jugoslavia-domstolen, som vart skipa av tryggingrådsresolusjon nr. 827 i mai 1993, har som mandat å straffeforfølgje personar som er ansvarlege for alvorlege internasjonale brotsverk som er gjorde i det tidlegare Jugoslavia sidan 1991. Domstolen spelar ei viktig rolle for det langsiktige forsonings- og atterreisingsarbeidet i området.

Domstolens president, dommar Claude Jorda, understreka ved framlegginga av domstolens åttande årsrapport på FN's 56. generalforsamling at situasjonen ved domstolen har betra seg i løpet av dei to siste åra, både med

omsyn til talet på arrestasjonar, avsagde dommar og påbyrja rettssaker. Reformprosessen som vart igangsett i januar 2000 for å betre effektiviteten ved domstolen, har byrja å vise resultat. Dei vedtekne reformene har vorte innførde gradvis, og aktiviteten til domstolen har auka. I september 2001 vart dei seks første ad hoc-dommarane innkalla, noko som førte til at domstolen for første gong kunne handsame fire saker samtidig. Frå januar 2002 er ytterlegare tre ad hoc-dommarar i funksjon. Domstolen kan difor gjennomføre seks rettssaker parallelt, noko som doblar høyringskapasiteten og inneber at domstolen vil kunne avslutte handsaminga av saker i første instans i 2007, dersom alle dei tiltala vert arresterte omgåande.

Trass i oppmuntrande politiske endringar på Balkan og betra samarbeid frå statane si side med omsyn til arrestasjonar og innsamling av prov, gjentok presidenten at han såg med uro på at framståande politikarar og militære leiarar som domstolen har etterlyst og tiltala, framleis er på frifot. På denne bakgrunnen appellerte han til vidare forsterka samarbeid både med omsyn til arrestasjonar og utlevering og med omsyn til fullføring av dommar i dei ein-skilde statane. (Noreg er ein av sju statar som har inngått soningsavtale med domstolen.) Ei anna utfordring for domstolen er behovet for å tilpasse aktivitetane sine til dei seinaste politiske omveltingane både i det tidlegare Jugoslavia, jf. arrestasjonen av Milosevic, og på den internasjonale arenaen som følgje av terroråtaka 11. september 2001, som gjorde kampen mot terrorisme til ein ny prioritet for det internasjonale samfunnet. Til dømes bør domstolen fokusere sterkare på å straffefølgje dei mest alvorlege brota på folkeretten og den internasjonale strafferetten. Vidare hevda Jorda at ein bør oppmuntre til overføring av mindre viktige saker til dei nasjonale domstolane i statane i det tidlegare Jugoslavia, noko som likevel føreset rettslege system bygde på demokratiske prinsipp.

Frå debatten i Generalforsamlinga kan nemnast at FRJ meiner at dei demokratiske omveltingane i landet gav samarbeidet mellom FRJ og domstolen eit heilt nytt grunnlag i løpet av året, jf. m.a. utleveringa av Milosevic. Det vert arbeidd med ei ny lov om samarbeid med domstolen, med grunnlag i folkeretten og intern lovgjeving. Overføring av saker til nasjonale domstolar vart vurdert som eit viktig ledd i forsoningsarbeidet. Dette vart òg støtta m.a. frå kroatisk side.

3.13.4 Den internasjonale straffedomstolen for Rwanda

Den internasjonale straffedomstolen for Rwanda, som vart skipa av tryggingssrådsresolusjon 955 i november 1994, har som mandat å straffefølgje personar som er ansvarlege for folkemord og andre alvorlege brot på internasjonal humanitærrett gjorde i Rwanda, og straffefølgje rwandiske borgarar som er ansvarlege for slike brotsverk i nabolanda i tida mellom 1. januar og 31. desember 1994. Den norske dommaren Erik Møse er visepresident ved domstolen.

I domstolens sjette årsrapport, som vart lagd fram under den 56. generalforsamlinga, framheva domstolens president, Navanethem Pillay, at det var gjennomført effektiviseringstiltak, og at dette hadde ført til større aktivitet i domstolen i løpet av året. Det vert no gjennomført rettssaker i dei tre domskamera parallelt. Kompleksiteten i sakene og dei logistiske tilhøva i regio-

nen set likevel grenser for kor rask domstolen kan arbeide. Presidenten hevda at ein kan få større effektivitet berre dersom det vert tilsett fleire ad hoc-dommarar, i tråd med framlegg presentert for Tryggingsrådet. Med tilførsel av nye dommarar vil den aktuelle saksmengda og forventta tilfang av nye saker i tråd med aktor sine planar om inntil 136 nye tiltalar kunne avviklast innan 2007. Presidenten oppmuntra samtidig til rettsforfølging på nasjonalt plan i statar der mistenkte er lokalisert. Med omsyn til nasjonal forsoning understreka presidenten verdien av outreach-program, som ved å bringe rettsoppgjeret nærare det rwandiske folket, medverkar til større kunnskap, forståing og oppslutning om rolla til domstolen.

Interessa for debatten i Generalforsamlinga var lita. Berre fire land tok ordet, mellom dei Noreg. Allment vart det uttrykt støtte til domstolens arbeid og glede over verknaden av dei gjennomførte effektiviseringstiltaka. Det vart òg gjeve allmenn støtte til framlegget om å tilføre domstolen ad hoc-dommarar. Derimot vart det, med tanke på ei framtidig avslutning av arbeidet til domstolen, uttrykt uro over dei ambisiøse etterforskningsplanane aktor hadde.

3.13.5 Tiltak for å motarbeide internasjonal terrorisme

Dei tragiske hendingane 11. september sette sjølvsgt preg på handsaminga av terrorismeresolusjonen i 6. komité. I motsetning til tidlegare lukkast ein no å oppnå konsensus om resolusjonen. Syria og Libanon, som i tidlegare år tok resolusjonen til røysting, ønskte ikkje å blokkere konsensus denne gongen. Men fleire av dei tradisjonelle problema som dei arabiske landa har med resolusjonen, kom likevel til overflata under hovuddebatten. Medan dei vestlege statane fordømmer alle former for terrorisme, fokuserer dei arabiske statane meir på dei underliggjande årsakene til terroraksjonar, til dømes kolonialisme og framand okkupasjon. Dei arabiske statane er opptekne av at ein må prioritere å kome til semje om ein definisjon av omgrepet terrorisme, og peiker i den samanhengen på at det er viktig å finne fram til ein definisjon som ikkje medfører at «legitim» fridomskamp mot okkupasjonsmakter vert sett på som terroristhandlingar.

Hendingane 11. september har òg ført til eit ønske om å freiste å forsere arbeidet med å utarbeide ein allmenn (heilskapleg) terrorismekonvensjon. Arbeidet med vurdering og gjennomgang av eit indisk utkast til konvensjon, som er i gang i Ad hoc-komiteen mot terrorisme, vart av mange halde fram som svært viktig. Det er likevel eit faktum at dette arbeidet i Ad hoc-komiteen står i fare for å mislukkast på grunn av den ovannemnde usemja i spørsmålet om ein definisjon av omgrepet terrorisme.

I resolusjonen vert det vedteke å vidareføre mandatet til Ad hoc-komiteen slik at komiteen kan halde fram arbeidet med ein allmenn (heilskapleg) terrorismekonvensjon, samt arbeidet med ein internasjonal konvensjon om kjernefysisk terrorisme og det førebuarde arbeidet med å halde ein eventuell verdskonferanse om terrorisme.

3.13.6 FNs arbeid for kodifisering og utvikling av folkeretten

Generalforsamlinga sin 6. komité og Folkerettskommisjonen spelar nøkkelroller i vidareutviklinga og kodifiseringa av folkeretten. Det er eit nært samspel mellom dei to organa, og Folkerettskommisjonen legg kvart år fram rap-

port for Generalforsamlinga om arbeidet sitt. Handsaminga av denne rapporten står sentralt i arbeidet i 6. komité. Det går med mykje tid til å gje føringar og instruksar og fastsetje prioriteringar for det vidare arbeidet i Kommissjonen og til å drøfte og kommentere tekster/konvensjonsutkast som Kommissjonen legg fram.

I resolusjonen om Folkerettskommissjonens rapport seier ein seg nøgd med det arbeidet kommissjonen fekk gjennomført under sin 53. sesjon. Særleg framhevar ein ferdigstillinga av eit utkast til reglar om statsansvar for handlingar som er i strid med folkeretten. Eit viktig spørsmål i 6. komité var såleis korleis arbeidet no skulle vidareførast. Eit alternativ her var å kalle saman til ein diplomatkonferanse for å setje i verk traktatforhandlingar. Men mange statar er skeptiske til at det vert halde ein diplomatkonferanse fordi dette etter deira syn inneber ein risiko for gjenopning av sensitive tema som bruk av væpna makt, miljøvern m.m., der Folkerettskommissjonen òg har vore splitta. I tråd med Folkerettskommissjonens eige framlegg til kompromissløyising vart det vedteke ein eigen resolusjon, der utkastet til reglar om statsansvar vert teke til etterretning og følgjer som vedlegg. Dette vil ikkje medføre same klarleik som ein traktat, men vil medverke til at utkastet til reglar vert eit viktig referansedokument og vil kan hende fremje skiping av sedvanerett.

Av særleg interesse elles når det gjeld initiativ til kodifisering og vidareutvikling av folkeretten kan nemnast resolusjonen om verkeområdet for FN-konvensjonen om vern av FN-personell og tilknytt personell. Bakgrunnen for resolusjonen er ein rapport frå FN's generalsekretær om verkeområdet for konvensjonen. Rapporten inneheld tilrådingar om utviding av verkeområdet til å dekkje fleire grupper av hjelpepersonell og då kanskje særleg lokalt rekruttert hjelpepersonell. Resolusjonen skipar ein ad hoc-komité som skal vurdere tilrådingane som er framlagde i Generalsekretærens rapport.

Nemnast bør òg resolusjonen om ein internasjonal konvensjon mot reproduktiv kloning av menneske. Bakgrunnen for resolusjonen er eit fransk-tysk initiativ før den 56. generalforsamlinga. Framlegget om å utarbeide ein konvensjon vart svært positivt motteke. Resolusjonen skipar ein ad hoc-komité som skal vurdere utarbeiding av ein slik konvensjon. Denne komiteen skal i første omgang diskutere mandatet for dei vidare forhandlingane og rapportere om dette til den 57. generalforsamlinga.

3.14 Deltaking av frivillige organisasjonar

På byrjinga av 1990-talet vart det innført ein praksis der frivillige organisasjonar deltok i førebuingane, gjennomføringa og oppfølginga av dei store FN-konferansane. Retningslinene for dei frivillige organisasjonane si deltaking vart revidert av FN's sosiale og økonomiske råd (ECOSOC) i 1996. Dei nye reglane var meir fleksible enn dei gjeldande retningslinene frå 1968. Mellom anna vart det mogeleg for frivillige organisasjonar som enno ikkje hadde vorte formelt godkjende av ECOSOC, å følgje arbeidet i dei funksjonelle kommissjonane når det gjeld oppfølginga av FN-konferansane. Vidare vart det vedteke at Generalforsamlinga allment sett skulle vurdere statusen til dei frivillige organisasjonane vis-à-vis FN-systemet. Men dette arbeidet har vist seg vanskelegare enn ein trudde det ville verte. Rapporten som Generalsekretæren la fram under den 52. generalforsamlinga, vart vurdert som ufullstendig, og den 53.

generalforsamlinga vedtok ein resolusjon der ein bad om ein ny rapport på grunnlag av kommentarane til den første rapporten. Denne nye rapporten vart framlagd under den 54. generalforsamlinga. Rapporten inneheldt kommentarar og tilrådingar frå medlemsland om deltaking av ikkje-statlege organisasjonar. Det vart m.a. understreka at ein må arbeide for ei meir open tilnærming til frivillige organisasjonar frå FN's side, og at kommunikasjonen mellom partane bør betrast og verte meir effektiv. Under den 55. generalforsamlinga vart det vurdert å fremje ein resolusjon om deltaking av ikkje-statlege organisasjonar i FN's generalforsamling. Etter samråd mellom fleire medlemsland synest det likevel klart at tida ikkje var mogen for å fremje ein slik resolusjon. Det ville truleg vere vanskeleg å få konsensus om ei tekst som i tilstrekkeleg grad opnar opp for større og breiare deltaking av frivillige organisasjonar i FN's arbeid. Særleg motstand kunne ein spore frå einskilde utviklingsland med ei meir restriktiv haldning til frivillige organisasjonar. Det vart ikkje gjort nye freistnader på å fremje ein slik resolusjon under den 56. generalforsamlinga fordi haldninga i miljøet ikkje syntest å ha endra seg vesentleg.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 12. april 2002 om Noregs deltaking i den 56. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FN's 55. generalforsamling blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Statsminister Petersens innlegg i hovuddebatten***11. november 2001*

Mr. President,

For more than half a century the United Nations has helped to settle conflicts and restore peace. We must reinforce these efforts and focus our work.

For more than half a century the United Nations has worked to promote human rights and economic and social development. We must continue to invest in human dignity.

For more than half a century the United Nations has given millions of people hope of a better future. Such hope has never been more important than it is today.

The Nobel Peace Prize could not have been awarded to more deserving candidates than Secretary-General Kofi Annan and the United Nations. Let me once again extend my heartfelt congratulations.

Mr. President,

The terrorist attacks on 11 September were not only directed at innocent people. They were directed at the very values on which the United Nations is based. We stand united in our condemnation of these attacks, in our call for international cooperation to prevent and eradicate terrorism and to bring the guilty to justice. We will fight terrorism with all the appropriate means: political, diplomatic, legal, financial and military.

Norway pledges its full support to the broad global coalition against terrorism. We are part of the Atlantic Alliance. We fully support the United States in its efforts to defend itself against international terrorism. We are implementing the provisions of Security Council resolution 1373 by taking concrete steps to dry out the financial resources of terrorist networks.

The Taliban regime has refused to adhere to mandatory Security Council decisions. It is harbouring and supporting terrorists in blatant violation of Security Council resolutions. The Taliban are refusing to cooperate with the international community in its joint efforts to eradicate international terrorism. The use of military force is therefore the only option left.

The military operations in Afghanistan are aimed at the terrorists and those who harbour them. They are not aimed at innocent civilians. Not at Afghanistan as a country. They are aimed at a group of extremists who are exploiting a world religion for their own evil purposes.

Afghanistan has suffered war and misrule for decades. While the immediate task is to end terrorism and provide humanitarian support to those in need, we must work in parallel for a political solution. This is primarily the responsibility of the Afghan people themselves. But the international community must assist. The United Nations must have a leading role. Planning and preparations must start now. We strongly support the efforts of the Secretary-General's Special Representative for Afghanistan, Lakhdar Brahimi, to help lay the foundations for a broad-based and lasting political solution.

We must ensure that the Afghans receive humanitarian assistance - both inside Afghanistan and in neighbouring countries. But while seeking to meet

the immediate needs, we must also focus on the longer-term assistance that will be necessary to rebuild this war-torn society. We must improve the respect for human rights, and help the Afghan people, in particular the women, who have suffered so terribly under Taliban rule. These are issues that Norway will focus on during its chairmanship of the Afghanistan Support Group next year. Only through coordinated efforts can we contribute to security and development in Afghanistan.

Mr. President,

A year ago, peace between the Israelis and the Palestinians appeared to be at hand. Today, the hope of peace and security has given way to disillusion, despair and the murder of civilians.

We are convinced that the only way out of the current stalemate is through the full implementation of the recommendations of the Mitchell Report, which have been endorsed by both the parties as well as by the international community.

First of all, there must be an immediate end to the violence. Terrorism must be stopped. The cycle of violent action and violent reaction must be broken. Political leaders on both sides must do everything in their power to halt the violence and reduce the tension.

Secondly, confidence-building measures must be implemented simultaneously. Trust must be rebuilt step by step, since without it there can be no real dialogue or negotiation. The Mitchell Report lists several steps for restoring trust. Given the high level of hostility and mistrust, the timing and sequence of these steps are crucial. Decisions must be made now.

Thirdly, the parties must find a way back to the negotiating table. A halt to the violence, the resumption of security cooperation and steps to restore trust cannot be sustained for long without serious negotiations to resolve the underlying causes of the conflict.

Norway will continue to support efforts to bring about a peaceful resolution of the conflict. As chair of the AHLIC, we stand ready to work with other donors to help restore economic and social infrastructure in the Palestinian areas.

Mr. President,

The bulk of the conflicts dealt with by the Security Council are to be found on the African continent. As a member of the UN Security Council, Norway is determined to do what it can to promote long-term peace and stability in Africa.

Most of the conflicts in Africa clearly demonstrate the close links between peace, good governance and development. The root causes of many of these conflicts are poverty and lack of development, but also violations of human rights and lack of respect for basic democratic principles.

Norway stands ready to assist in building a sound foundation for good governance and development in Africa.

The developments in Burundi are encouraging, although we recognize that the peace process is still very fragile. The deployment of a multinational security force, on the initiative of South Africa, will hopefully improve the situation in the country. Norway is ready to support this initiative.

Mr. President,

The United Nations is our foremost tool for solving global problems. It reminds us that combating terrorism has not removed any of the challenges that were on the global agenda prior to 11 September. Nor has it become less urgent to effectively address these challenges. We must not let the ruthless actions of the terrorists divert attention from the ambitious goals we set for ourselves during the Millennium Summit.

Meeting these objectives must remain right at the top of our agenda, along with our common fight against terrorism. If the UN is to be effective in carrying out these tasks, we must all commit ourselves and provide the necessary resources and financial support.

As political leaders we must show steadfast determination. We will have to make difficult choices and hard decisions, sometimes with painful consequences. But the alternative is even more pain and suffering.

This is true of our common fight against international terrorism.

This is true of our struggle to end poverty, eliminate infectious diseases, and uphold respect for human rights and the rule of law.

This is true if we are to make the United Nations our primary tool for safeguarding our common security.

Om Noregs deltaking i den 56. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FNs 55. generalforsamling

Vedlegg 2

FN sine medlemsland og bidragsskalaen

Tabell 2.1: Medlemslandas opptaksdato, plassering i valgrupper og prosentvis bidrag til FNs regulære budsjett i 2001-2003 (Forkortingar: afr=afrikanske, ar=arabiske, as=asiatiske, la=latinamerikanske, weog=vesteuropeiske og andre statar, aust=austuropeiske statar).

| Stat | Opptak | Gruppe | Obligatoriske bidrag i prosent | | |
|-------------------------|--------------------|---------|--------------------------------|-------|-------|
| | | | 2001 | 2002 | 2003 |
| Afghanistan | 19. november 1946 | as | 0,008 | 0,007 | 0,009 |
| Albania | 14. desember 1955 | aust | 0,003 | 0,003 | 0,003 |
| Algerie | 08. oktober 1962 | afr(ar) | 0,070 | 0,071 | 0,070 |
| Andorra | 28. juli 1993 | weog | 0,004 | 0,004 | 0,004 |
| Angola | 01. desember 1976 | afr | 0,002 | 0,002 | 0,002 |
| Antigua og Barbuda | 11. november 1981 | la | 0,002 | 0,002 | 0,002 |
| Argentina | 24. oktober 1945 | la | 1,156 | 1,159 | 1,149 |
| Armenia | 02. mars 1992 | aust | 0,002 | 0,002 | 0,002 |
| Aserbajdsjan | 02. mars 1992 | aust | 0,004 | 0,004 | 0,004 |
| Austerrike | 14. desember 1955 | weog | 0,952 | 0,954 | 0,947 |
| Australia | 01. november 1945 | weog | 1,636 | 1,640 | 1,627 |
| Bahamas | 18. september 1973 | la | 0,012 | 0,012 | 0,012 |
| Bahrain | 21. september 1971 | as(ar) | 0,018 | 0,018 | 0,018 |
| Bangladesh | 17. september 1974 | as | 0,010 | 0,010 | 0,010 |
| Barbados | 09. desember 1966 | la | 0,009 | 0,009 | 0,009 |
| Belarus (Kviterussland) | 24. oktober 1945 | aust | 0,019 | 0,019 | 0,019 |
| Belgia | 27. desember 1945 | weog | 1,136 | 1,138 | 1,129 |
| Belize | 25. september 1981 | la | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Benin | 20. september 1960 | afr | 0,002 | 0,002 | 0,002 |
| Bhutan | 21. september 1971 | as | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Bolivia | 14. november 1945 | la | 0,008 | 0,008 | 0,008 |
| Bosnia Hercegovina | 22. mai 1992 | aust | 0,004 | 0,004 | 0,004 |
| Botswana | 17. oktober 1966 | afr | 0,010 | 0,010 | 0,010 |
| Brasil | 24. oktober 1945 | la | 2,231 | 2,093 | 2,390 |
| Brunei Darussalam | 21. september 1984 | as | 0,033 | 0,033 | 0,033 |
| Bulgaria | 14. desember 1955 | aust | 0,013 | 0,013 | 0,013 |
| Burkina Faso | 20. september 1960 | afr | 0,002 | 0,002 | 0,002 |
| Burma, se Myanmar | | | | | |
| Burundi | 18. september 1962 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Canada | 09. november 1945 | weog | 2,573 | 2,579 | 2,558 |
| Chile | 24. oktober 1945 | la | 0,198 | 0,187 | 0,212 |
| Colombia | 05. november 1945 | la | 0,186 | 0,171 | 0,201 |
| Costa Rica | 02. november 1945 | la | 0,020 | 0,020 | 0,020 |

Om Noregs deltaking i den 56. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FN's 55. generalforsamling

Tabell 2.1: Medlemslandas opptaksdato, plassering i valgrupper og prosentvis bidrag til FN's regulære budsjett i 2001-2003 (Forkortingar: afr=afrikanske, ar=arabiske, as=asiatiske, la=latinamerikanske, weog=vesteuropeiske og andre statar, aust=austeuropiske statar).

| | | | | | |
|--|--------------------|---------|-------|-------|-------|
| Cuba | 24. oktober 1945 | la | 0,030 | 0,030 | 0,030 |
| Danmark | 24. oktober 1945 | weog | 0,753 | 0,755 | 0,749 |
| Dei sameinte arabiske emirata | 09. desember 1971 | as(ar) | 0,204 | 0,204 | 0,202 |
| Den demokratiske folkerepublikken Korea (Nord-Korea) | 17. september 1991 | as | 0,009 | 0,009 | 0,009 |
| Den demokratiske republikken Kongo, (tidl. Zaire) | 20. september 1960 | afr | 0,004 | 0,004 | 0,004 |
| Den dominikanske republikk | 24. oktober 1945 | la | 0,023 | 0,023 | 0,023 |
| Den sentralafrikanske rep. | 20. september 1960 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Den tsjekkiske republikken | 19. januar 1993 | aust | 0,189 | 0,172 | 0,203 |
| Djibouti | 20. september 1977 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Dominica | 18. desember 1978 | la | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Ecuador | 21. desember 1945 | la | 0,025 | 0,025 | 0,025 |
| Egypt | 24. oktober 1945 | afr(ar) | 0,081 | 0,081 | 0,081 |
| Ekvatorial-Guinea | 12. november 1968 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Elfenbeinskysten | 20. september 1960 | afr | 0,009 | 0,009 | 0,009 |
| El Salvador | 24. oktober 1945 | la | 0,018 | 0,018 | 0,018 |
| Eritrea | 28. mai 1993 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Estland | 17. september 1991 | | 0,010 | 0,010 | 0,010 |
| Etiopia | 13. november 1945 | afr | 0,004 | 0,004 | 0,004 |
| Fiji | 13. oktober 1970 | as | 0,004 | 0,004 | 0,004 |
| Filippinane | 24. oktober 1945 | as | 0,101 | 0,101 | 0,100 |
| Finland | 14. desember 1955 | weog | 0,525 | 0,526 | 0,522 |
| Frankrike | 24. oktober 1945 | weog | 6,503 | 6,516 | 6,466 |
| Gabon | 20. september 1960 | afr | 0,014 | 0,014 | 0,014 |
| Gambia | 21. september 1965 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Georgia | 31. juli 1992 | aust | 0,005 | 0,005 | 0,005 |
| Ghana | 08. mars 1957 | afr | 0,005 | 0,005 | 0,005 |
| Grenada | 17. september 1974 | la | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Guatemala | 21. november 1945 | la | 0,027 | 0,027 | 0,027 |
| Guinea | 12. desember 1958 | afr | 0,003 | 0,003 | 0,003 |
| Guinea-Bissau | 17. september 1974 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Guyana | 20. september 1966 | la | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Haiti | 24. oktober 1945 | la | 0,002 | 0,002 | 0,002 |
| Hellas | 25. oktober 1945 | weog | 0,542 | 0,543 | 0,539 |
| Honduras | 17. desember 1945 | la | 0,005 | 0,004 | 0,005 |
| India | 30. oktober 1945 | as | 0,343 | 0,344 | 0,341 |
| Indonesia | 28. september 1950 | as | 0,201 | 0,201 | 0,200 |
| Irak | 21. desember 1945 | as(ar) | 0,127 | 0,102 | 0,136 |
| Iran | 24. oktober 1945 | as | 0,253 | 0,236 | 0,272 |

Om Noregs deltaking i den 56. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FN's 55. generalforsamling

Tabell 2.1: Medlemslandas opptaksdato, plassering i valgrupper og prosentvis bidrag til FN's regulære budsjett i 2001-2003 (Forkortingar: afr=afrikanske, ar=arabiske, as=asiatiske, la=latinamerikanske, weog=vesteuropeiske og andre statar, aust=austeuropiske statar).

| | | | | | |
|---------------------------|--------------------|---------|--------|--------|--------|
| Irland | 14. desember 1955 | weog | 0,296 | 0,297 | 0,294 |
| Island | 19. november 1946 | weog | 0,033 | 0,033 | 0,033 |
| Israel | 11. mai 1949 | | 0,417 | 0,418 | 0,415 |
| Italia | 14. desember 1955 | weog | 5,094 | 5,104 | 5,065 |
| Jamaica | 18. september 1962 | la | 0,004 | 0,004 | 0,004 |
| Japan | 18. desember 1956 | as | 19,629 | 19,669 | 19,516 |
| Jemen | 20. september 1947 | afr(ar) | 0,007 | 0,007 | 0,006 |
| Jordan | 14. desember 1955 | as(ar) | 0,008 | 0,008 | 0,008 |
| Jugoslavia | 24. oktober 1945 | aust | 0,020 | 0,020 | 0,020 |
| Kambodsja | 14. desember 1955 | as | 0,002 | 0,002 | 0,002 |
| Kamerun | 20. september 1960 | afr | 0,009 | 0,009 | 0,009 |
| Kapp Verde | 16. september 1975 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Kasakhstan | 02. mars 1992 | as | 0,029 | 0,029 | 0,028 |
| Kenya | 16. desember 1963 | afr | 0,008 | 0,008 | 0,008 |
| Kina | 24. oktober 1945 | as | 1,541 | 1,545 | 1,532 |
| Kirgisistan | 02. mars 1992 | as | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Kiribati | 14. september 1999 | as | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Komorane | 12. november 1975 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Kongo, Brazzaville | 20. september 1960 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Kroatia | 22. mai 1992 | aust | 0,039 | 0,039 | 0,039 |
| Kuwait | 14. mai 1963 | as(ar) | 0,148 | 0,148 | 0,147 |
| Kviterussland, se Belarus | | | | | |
| Kypros | 20. september 1960 | as | 0,038 | 0,038 | 0,038 |
| Laos | 14. desember 1955 | as | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Latvia | 17. september 1991 | aust | 0,010 | 0,010 | 0,010 |
| Lesotho | 17. oktober 1966 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Libanon | 24. oktober 1945 | as(ar) | 0,012 | 0,012 | 0,012 |
| Liberia | 02. november 1945 | afr | 0,001 | 0,001 | 0,001 |
| Libya | 14. desember 1955 | afr(ar) | 0,067 | 0,067 | 0,067 |
| Liechtenstein | 18. september 1990 | weog | 0,006 | 0,006 | 0,006 |
| Litauen | 17. september 1991 | aust | 0,017 | 0,017 | 0,017 |
| Luxembourg | 24. oktober 1945 | weog | 0,080 | 0,080 | 0,080 |
| Madagaskar | 20. september 1960 | afr | 0,003 | 0,003 | 0,003 |
